



# Årsmelding 2017



3. plass til Erlend Henjesand, NC Voss, februar 2017.

Foto: Ingvild Ølmheim.

# **Innkalling til årsmøte 2017 i Syril tysdag 27/2 2018 kl 1900 i Saften 4 etg.....**

- Opning
- Godkjenning innkalling og sakliste
- Val ordstyrar og referent
- Val 2 medl. til underskriving protokoll
- Godkjenning årsmelding og rekneskap
- Fastsetjing medlemskontingent
- Framlegg til budsjett
- Val

Formann

Nestformann

Kasserar

Styremedlem

Formann og nestformann gruppene  
2 revisorar

3 medl styringsgruppa kjeringi open  
2 medl hyttestyre

Valnemnd

- Innkomne saker

# ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 2017

## TILLITSVALDE 2017

Gruppe	Namn	
<b>Hovudstyret</b>		
Leiar	Per Hauge	
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	
Kasserar	Arild Bjørk	
Sekretær/styremedlem	Nils Magne Slinde	
<b>Friidrettsgruppa</b>		
Leiar	Ingunn Nyhammer	
Nestleiar	Marit Anita Skrede	
<b>Handballgruppa</b>		
Leiar	Eva Solhaug Fosshagen	
Nestleiar	Ingeborg Lie Fredheim	
<b>Skigruppa</b>		
Leiar	Eivind Brendehaug	
Nestleiar	Torun Grut	
<b>Trim- og merkegruppa</b>		
Leiar	Arild Bjørk	
Nestleiar	Toril Felde	
<b>Barnegruppa</b>		
Leiar	Anita instefjord	
Nestleiar		
<b>Symjegruppa</b>		
Leiar	Ikkje aktivitet	
Nestleiar		
<b>Fotballgruppa</b>		
Leiar	Magna Fondenes Vangsnæs	
Nestleiar		
<b>Innebandy</b>		
Leiar	Torbjørn Stølen	
Nestleiar	Jon Amundsen	
<b>Volleyball</b>		
Leiar	Tone Oppedal	
Nestleiar		
<b>Revisor</b>	Liv Janne Steig Tony Borlaug	
<b>Hyttestyre skihytta</b>	Karina Nerland Marit Silje Husabø	
<b>Styringsgruppa Kjeringi Open</b>	Roar Vangsnæs Karl Erik Johnsen	
<b>Leikanger Idrettsråd</b>		
Leiar	Per Hauge	
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	
<b>Valnemd</b>		
Leiar	Christian Kleiven	
Medlemar	Hilde Ruud	
Medlemar	Kjartan Hove Steinar Fredheim	

## Årsmelding hovudstyret Syril 2017

Syril har også i år hatt stor aktivitet i dei fleste gruppene. Dette kan du lesa meir om i årsmeldingane til gruppene.

Vi har og mange utøvarar som har teke steget og utmerkar seg regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette gjeld både i lagidrett og individuelle idrettar.

Idrettshallen er fortsatt den største aktivitetsarenaen. Dei fleste gruppene har ein eller annan aktivitet i hallen, og kabalen med å få fordelt timane etter alles ønskje, er ikkje lett.

Håndball er den største brukaren av hallen

Etter at idrettssenteret avslutta sin aktivitet i Leikangerhallen, har Syril bidrege positivt til å få på plass eit nytt treningssenter. Eit treningssenter aukar bredden på aktivitetar og utfyller Syril sine aktivitetar på ein god måte. Vi ønskjer Dag Andre Mo velkommen og lukke til.

Kleppa sleit tidvis med snømangel, men løypene var fine når forholda var tilstades. Det vert gjort ein stor jobb med løypekøyring. Brukarane er sers nøgde med løypeinfo på skisport.no

Kjeringi open vart arrangert for 25 gong, og gjennomført under gode forhold med fine løyper heilt til fjells. Som alltid har deltakarar og publikum mange positive tilbakemeldingar om arrangementet og naturen.

I 2017 har håndball og fotball hatt ansvaret for julekalendaren, som gir gode inntekter til desse gruppene.

Syril har sponsoravtalar med Sparebanken Sogn og Fjordane, Sognekraft , og SognAvis/IHP. Det er selt mykje reklameplass i Leikangerhallen, noko som gjev gode inntekter til laget.

Økonomisk har Syril hatt eit godt år., og vi får eit overskot på kr 142 826,-.

Syril har jobba med planar for opprusting av anlegg, og skal saman med kommunen gå gjennom alle anlegg for å verta einig om proritering.

Me vil takka for særskilt god støtte i bygda både ved dugnadsarbeid, økonomisk støtte ved ulike arrangement og positive haldningar til arbeidet som vert lagt ned av mange frivillede i Syril.

Me takkar og sponsorar, næringslivet i Leikanger og Sogndal, Leikanger kommune og Sparebanken Sogn og Fjordane for økonomisk støtte og godt samarbeid.

Stor takk til tillitsmenn, trenarar og foreldre for det store arbeidet som vert lagt ned i gruppene.

Alle våre flotte utøvarar, som er våre beste ambassadørar for laget og bygda, fortener og stor takk.

## Arbeidsutvalet

*Per Hauge*

*Karl Erik Johnsen*

*Arild Bjørk*

*Nils Magne Slinde*

# SYRIL FRIIDRETT – ÅRSMELDING 2017

**Leiar:** Ingunn Nyhammer

**Nestleiar:** Marit Anita Skrede

**Styremedlemmer:** Torgeir Urdahl og Jorunn Felde

**Økonomi:** Viktigaste inntekter har vore Kjeringi Open - lotteriet. Største utgifter har vore krinskontingent, kjøp av utstyr og startkontingentar

## 7 – 9 år

Trenarar for gruppa 7-9 år har i år vore Sara Felde Liljedal og Jorunn Felde. Også i 2017 gjennomførte vi kombinerte fotball- og friidrettstreninga for 1. – 3. klasse. Deltakinga var varierande i dei ulike årsstega, men alt i alt var det omlag 30 ungar som var med på friidrett.

Vi legg vekt på basisferdigheter som løp, spenst, lengde og litt kasttrening.

## 10 år og eldre

Trenarar i 2017 har vore Torgeir Urdahl, Jørn Egil Gåsvær, Ingunn Nyhammer og Oddrun Mangerøy.

Vi starta med treningar inne i Saften onsdagar etter nyttår. Treningane har hatt hovudvekt på spenst og hurtigkeit. Vi trente inne til påske og etter det ute på Syril stadion til haustferien i oktober.

Syri har hatt ein liten men ivrig gjeng med utøvarar i 2017.

## Sparebankleikane

Sparebankleikane vart i 2017 arrangert på Byrkjelo i slutten av mai. For Syril deltok Henrik Farstad Skagen og Eirik Skrede Valvik. Eirik vart nr. 1 i diskos med 33.53m og i høgde oppnådde han 1.55. Henrik fekk fine nye persar på 1500m og 3000m med 4.41 og 10.06.

## KM på Byrkjelo

Krinsmeisterskap i friidrett vart arrangert på Byrkjelo 19. og 20. august. Frå Syril deltok Eirik Skrede Valvik, Sverre Linde Røyseth og Henrik Farstad Skagen. Sverre vart krinsmeister for gutar 15 i høgde med flott pers på 1.65. Eirik vart krinsmeister for gutar 15 i lengde og diskos og vart nr. 2 i høgde og på 800m. Henrik vart krinsmeister på 800m og 3000m for gutar 16.

## UM på Fana stadion

Ungdomsmeisterskapen i friidrett vart i 2017 arrangert på Fana stadion 1.-3- september. Sverre Linde Røyseth og Eirik Skrede Valvik deltok for Syril, begge i klasse 15 år. Sverre hadde kvalifisert seg i høgde, medan Eirik hadde klart kvalifiseringskravet i diskos. I tillegg deltok Eirik på 800m. Eirik var først ut, med diskos fredag føremiddag. På ein middels god dag, kasta han 32,05 m, noko som gav ein sjetteplass av ni deltakarar. Laurdag føremiddag vart høgdekonkurransen arrangert. Sverre hoppa 1,61 m og enda på delt niende plass av elleve deltakarar. På 800 m sprang Eirik på 2.12.26, noko som plasserte han som nummer 20 av 22 deltakarar. Det var kjekt for gutane å delta på eit nasjonalt stemne, og dei representerte Syril på ein god måte med fine prestasjonar.



Eirik og Sverre i aksjon på UM

### **Joakim Urdahl**

Joakim held fortsatt et høgt nivå i tresteg og deltok i 2017 i fleire konkuransar i Tyskland. Han hoppa 14.59m innandørs, som var 4. beste innandørsresultat av norske utøvarar i 2017 og 7. beste resultat totalt. Utandørs hoppa Joakim 14.06m. Joakim bur no i Oslo og vil representer Syril også i 2018.

### **Andre konkurransar**

Syri har hatt med fleire utøvarar i motbakkeløp, terrengløp og gateløp i 2017.

Henrik Farstad Skagen deltok på NM i terrengløp i Vik i oktober der han vart nr. 7 i sin klasse. Han sprang også Balestrand opp der han fekk 3. plass i sin klasse.

Jørn Egil Gåsvær har delteke på fleire kaststemne for veteranar og forbetra sin eigen krinsrekord i Kast 5 kamp i Bergen i oktober.

**Sluttord:** Eg vil takke styremedlemmar, trenarar, foreldre og andre som har hjelpt oss i sesongen 2017

For Syril friidrett: Ingunn Nyhammer, leiar



**Fotball**

## **ÅRSMELDING**

# **SYRIL FOTBALL 2017**

**Årsmøte 14. februar 2017**

**INNHOLD:**

<b>Årsmelding frå styret 2017.....</b>	<b>3</b>
Organisasjon: .....	3
Påmelding av lag .....	3
Aktivitetar.....	3
Dugnader .....	5
Informasjon.....	5
Anlegg.....	5
Utstyr.....	6
Dommarar.....	6
Trenrar og lagsleiarar.....	6
Andre sportslege tiltak i eigen klubb:.....	7
Rekneskap 2017 .....	7
Oppsummering av året og vidare framover!.....	8
<b>FOTBALL ÅRSMELDING LAG OG GRUPPER 2018.....</b>	<b>10</b>
Jentegruppa .....	10
Miniputt.....	11
Jenter 10 .....	11
Jenter 11 .....	12
Jenter 12 .....	14
Småjentelaget (f 2003 og 2004).....	16
Jenter 15/17.....	19
Årsmelding Syril damelag 4 divisjon (7-ar) .....	21
Gutar 10.....	22
Miniputt Gutar 11(7'ar lag).....	24
Lillegutt G12.....	26
Smågutar 13/14 .....	28
Gutar 15/17 .....	30
A-lag senior herrar (5. divisjon) .....	32
<b>Vedlegg: Verv/kontaktpersonar i 2017 .....</b>	<b>34</b>
<b>Budsjett 2018 - forslag .....</b>	<b>37</b>

## Årsmelding frå styret 2017

### Organisasjon:

Fygjande er valde på årsmøte :

Styret 2017	
Leiar	Magna F Vangsnæs
Nestleiar, kontakt aldersbestemt	Kjetil Berg
Økonomiansvarleg	Bente Johnsen
Kontakt miniputt	Linda Fossberg
Kontakt senior	Erlend Husabø
Sportsleg leiar	Steinar Røysum
Anlegg	Terje Verlo
Utstyr	Elin Falkgjerdet
<b>Valnemnd</b>	Kitty Krosshaug, Siw Heidi Backstrøm, Trude Risnes

1

Organisasjonen har fungert bra. Syril er eit lag i kretsen med stor deltaking av lag på aldersbestemt nivå i høve tal på innbyggjarar. Vi er nøgde med at vi har lag på alle årstrinn, både gutter og jenter. Samla gir vi aktivitetstilbud til mange born og unge på Leikanger.

Styret i Syril Fotball har hatt 9 styremøter, og handsama tradisjonelle styresaker.

Styremedlemene har og vore med å organisere Tine Fotballskule, Fotballsøndag, organisere dognadar, delta på lagleiar/trenar/spelarmøte, dognad baneanlegg og kiosk samt materiellet til fotballgruppa.

Medlemmane har delteke på diverse møter i kretsen. Sist i 2017 vedtok styret å søke om å bli Kvalitetsklubb. Fair play rapport for 2017 er levert til kretsen.

### Påmelding av lag

Påmelde lag sesongen 2017:

1 senior dame 7år	1 seniorlag herre 5. divisjon
1 J15/17 11-ar	1 G15/17 11år
1 J13/14 9år	2 G13/14 9-ar og 7-ar
1 J12 7/9-ar 1 J11 7-ar 1 J10 5-ar	2 G12 9-ar 1 G11 7-ar 1 G10 5-ar 2 G9 5-ar
Miniputtlag 19 lag	
Totalt 34	

### Aktivitetar

Følgjande aktivitetar vart gjennomførde i 2017:

<sup>1</sup> Oversikt over alle med verv i fotballgruppa i vedlegg bak i årsmeldinga.

## **Seriar**

Deltaking i seriar og turneringar går fram i årsrapportane til laga som ligg etterfølgjande til styret sin årsrapport.

## **Turnering for miniputt «Kongleriket»**

For dei yngste årsklassane (6-10 år) vert kampane avvikla på 4 Kongleriketurneringar i Sogn, der Syril er ein av arrangørane. Arrangementet i år var større enn tidligare sidan puljeinndelinga var endra. I år deltok 75 lag frå klubbane Sogndal, Bjørn, Luster, Norane i tillegg til Syril. Vel 500 spelarar var i aksjon, dei fleste med fylge av familie i tillegg. Truleg eit av dei største arrangementa i bygda i år. Totalt var det 13 dommarar frå klubben i aksjon.

## **Aktivitetsdag for jenter**

Jentegruppa arrangerte aktivitetsdag for Jenter 10-12 år i mai på bana. Sjå årsmelding frå jentergruppa for meir info.

## **TINE fotballskole**

Syril Fotball arrangerer Tine fotballskole for 8 til 12 åringer, i år deltok 71 stk, fordelt på 39 gutter og 32 jenter. Fotballskulen vart lagt til siste veka av skulane sin sommarferie som tidlegare.

Planlegging og gjennomføring av fotballskulen byggjer på tidlegare opplegg som fungerer bra. Arrangementet vart avslutta med grilling og fotballkamper torsdagen.

Det var totalt 24 instruktørar som bidrog desse dagane i tillegg bidrog styret med arbeidet i forkant og som ansvarlege på dei enkelte dagane. Det var mange instrøktørar som var med kvar dag, dette er heilt nødvendig då ein skal aktivisere så mange barn. Det er også positivt at så mange ungdommer vil vera instruktører og få prøve seg litt i ei "trenarrolle".

## **Fotball Søndag**

Søndag 10.september inviterte Syril fotball til fotballsøndag, med fokus på å auke kvaliteten på ramma rundt arrangement i aldersbestemt fotball. Det kan vere med på å styrke klubben som møteplass i bygda, der klubben kan stå fram som den viktige samfunnsaktøren den er. Svært mange tok turen og fekk sjå underhaldande aldersbestemt fotball på Syril stadion. Dagen besto av eit tett kampprogram (sjå under) og tilskodarane fekk i tillegg til mykje god aldersbestemt fotball, servert underhaldning av speaker, musikk, kioskvare og varmmat gjennom heile dagen.

- ~ 11:00 Syril - Vik G10
- ~ 11:00 Syril - Norane J11
- 12:20 Syril - Aurland G12
- 13:40 Syril - Kaupanger G13/14
- 15:10 Syril - Bjørn G15/17

I tillegg til seriekampane som vart avvikla, inviterte vi miniputtane til ei miniturnering 3v3 i 3'ar bana kretsen lånte oss under arrangementet. Anders Veibust, klubbutviklar i kretsen, deltok heile dagen. Som takk frå kretsen for eit supert arrangement fekk Syril tildelt 4 småmål.

## **Deltaking på turneringar**

Dei einskilde laga sine årsrapportar informerer om deltaking i turneringar. I år var det m.a. deltaking på Norway Cup, Ål Cup, Lerum Cup, Voss Cup, Jentefotballens dag (Kaupanger), Eat, Move& Sleep Cup i Sogndal og Sandar Cup. Som tidligare, dekka Syril påmeldingsavgift og reisekostnader for 14-åringane som deltok på Norway Cup.

Styret meiner at deltaking i ulike arrangement er viktig og at laga bør fortsette med å delta i cupar og turneringar. Dette fremmar trivsel og samhandlinga i dei einskilde laga samt at det er eit tiltak/mål laga kan arbeida fram mot og som skaper ekstra engasjement.

## Dugnader

- TINE Fotballskule 2016
- Vask og rydding av kiosk
- Dugnad på kunstgrasbana
- Køyring av blomster før jul
- Adventskalender
- Ballvegg
- Kjeringi Open

Drifta av laget er basert på dugnadsinnsats i alle ledd, stor takk til alle som bidreg til fellesskapet på ein eller anna måte.

## Informasjon

- [www.syril.no](http://www.syril.no). Fotball sine sider er informative, men krev at ein er flink til å dele informasjon som skal plasserast der. Send e-post til [nett@syril.no](mailto:nett@syril.no) så vert info lagt ut.
- I tillegg kan informasjon leggast ut på Syril si Facebook side.

## Anlegg

Kunstgrasbana/stadion er eit viktig sosialt samlingspunkt i bygda. I tillegg blir kunstgraset ved ungdomsskulen og mykje brukt til 5'ar kampar og trening for miniputtane om våren før grasbana er klar. Før grasbana kan takast i bruk for trening om våren er det til liten plass. På og ved kunstgrasbana er det gode tilhøve.

Det nye vart teke i bruk før seseongen og har gitt gode tilhøve for arrangementa. Stor takk til alle som har lagt ned mykje dugnadsinnsats, og til sponsorane som har støtta prosjektet: Leikanger mur og flis, Skoge bygg, Jatak Kaupanger, Sogn røyr, Solberg Elservice, Coop Byggmix og Erling Røysum AS.

Status:

- Nytt driftsbygg vart teke i bruk til seriestart
- Nytt lydanlegg
- Ny resultatattavle
- Ny ballvegg
- Reparasjon av ballnett
- Container teke i bruk til lagring av fotballutstyr
- Kjøpt ei stk. mobil tre'ar bane
- Grasbana har ytterlegare fått eit år utan stor slitasje. Har vore brukt til trening og turnering i 2017
- Tribuneanlegg ved grasbana er i akseptabel stand, men området rundt grasbana treng oppgradering.
- Garderobeanlegget i skulebygget, fungerer godt og laga er flinke å rydde opp etter seg.
- Ungdomsskulen vert brukt til trening for miniputtar om våren, og avvikling av 5-kampane. I vinterhalvåret har vi nytta gymsalen ein del.
- Leige av Leikangerhallen har fungert, men det er ikkje nok treningsstid til at alle fotballag i veka gjennom på vinteren. Prioritert timar inn mot innandørs KM. Ynskjer meir tid i hallen, men dette er vanskeleg å få til.

- Det er ikkje leigd treningstid i Sognahallen i 2017.

Driftsavtale kunstgrasbane går ut i 2017. Det må inngåast ny avtale frå 2018. Starta arbeidet med å formalisere avtalane vi har med kommunen slik at dette er oversiktleg når vi vert ny storkommune.

## ***Utstyr***

Ballrommet ved barneskulen fungerer veldig bra. Kvart lag har sitt eige utstyr, ballar, vestar, kjegler, drakter og medisinutsyr innelåst i kvart sitt «bur» inne i ballrommet.

Tidlegare år har miniputtane delt på utstyret. Nokre av dei trener på ungdomsskulen, nokre på grasbana og nokre på kunstgrasbana. Dette har gjort det vanskeleg å få ballar, vestar og kjegler på plass att i tide til andre skal nytte det. Framfor 2017 sesongen vart det gjort eit løft på miniputtane der kvart kull fekk utlevert sitt eige utstyr. Dette vart godt motteke.

Kretsen har denne sesongen delt ut småmål. Syril fotball fekk tildelt 6 stk. Desse var svært populære.

Røysum Sport1 sponsar Syril fotball med drakter.

## ***Dommarar***

Syril har hatt 3 klubbdommarar; Oline Kleiven, Per Bjørk og Sander Sælid Njøs - og 5 rekrutdommarar; Gunvor Hamre Nornes, Amalie Dimmen Henjum, Ingemår Fosshagen, Adrian Husabø Thue og Eirik Njøs Mardal - alle har vore med heile sesongen. Før sesongstart hadde dommarane eit oppfriskingskurs med Tommy Skjerven.

Syril fekk fleire nye klubbdommarar som gjennomførte kurset i august: Kine Christensen Stokkenes, Runa Vangnes, Nora Henjesand, Snit Ogbai Mehari, Synnøve Fosshagen, Amund Bäckström Vikdal, Espen Hickman, Sindre Husabø Thue, Gøran Sælid Njøs og Mathis Bäckström Vikdal  
Desse var dommarar på miniputturneringa i august og nokre seriekamper utover hausten. Marianne Laugerud frå kretsen holdt kurset.

I tillegg so har Jarle Andersen og Håkon Stubø vore dommarar i regi av kretsen. Me har og hatt Jan Arild Andersen som har dømt ein del 11'ar kamper.

Under Lerum cup so var 3 dommarar i aksjon; Gunvor, Amalie og Adrian

Marianne Husabø er dommarkontakt. Styret er godt nøgd med organiseringa rundt dommarane. Stor takk til Marianne og dei etablerte dommarane som fyl opp dei yngre dommarane.

## ***Trenrarar og lagleiarar***

For aldersbestemt og miniputt var dei fleste trenrarar og lagleiarar på plass til sesongen starta. Det er eit stort apparat der foreldra spelar ei viktig og sentral rolle.

Sportsleg leiar/ansvarleg for aldersbestemt arrangerte oppstartsmøte i april, evaluveringsmøte undervegs i juni og etter sesongen i slutten av oktober. Godt oppmøte, med unntak i juni – dette møtet vart lagt litt seint slik at ein del hadde reist på ferie.

Møta er ein viktig arena for å formidle informasjon, utvikle klubbkultur og diskutere aktuelle problemstillingar.

Sportsleg leiar eller kontakt aldersbestemt har i tillegg delteke på møter med dei ulike lag etter forespørsel.

I tillegg har det vert møte med sportsleg utval.

## ***Andre sportslege tiltak i eigen klubb:***

### **Keepertreningar**

Syril har mange keeprar, for gje desse litt ekstra i forhold til spesifik trening m.m. gjennomførte ein i haust 4 særskilte keepertreningar der Geir Stenehjem var trenar(keepertrenar Fjøra/KIL dame). Dette vart svært godt mottatt blant vår keeprar, totalt var det 12 stk. som deltok. Dette tiltaket har ein planer om å fortsette med i 2018 då ein meiner dette vil motivera fleire jenter/gutar til å satse vidare som keeper.

### **Tiltakstreningar**

Det vart gjennomført 6 treningar på tvers av alder og kjønn for våre tiltaksspelar eller andre som ligg tett oppunder. Det var lokale trenarar som var ansvarleg for treningane. Dette er tiltak som ein vil fortsette med i 2018 i hovudsak utanom kampsesongen.

### **Trenarar**

Vart gjennomført trenarforum med Nils Tore Krosshaug før sesongstart.

Det var plan å gjennomføra Grasrottrenarkurs- Del 2, men mange fråfall siste veka medførte det vart utsatt. Vil prøve å arrangere det i april 2018 vis det melder seg nok deltakarar.

Det var trenarar som deltok på trenarkurs som vart arrangert i Vik.

Trenarane vart også invitert til å delta på keepertreninga, her kunne ein ønskt at det var fleire som deltok.,

## ***Rekneskap 2017***

(kommentar basert på førebelse rekneskapstal pr. 4.2.)

Rekneskapen for SYRIL Fotball viser i 2017 eit samla årsresultat på rundt 42 000 kroner. Det var budsjettet med eit underskot på 25 000 kroner, og det er ei auke på 67 000 i forhold til budsjett og ein nedgang frå 2016.

Økonomistyringa har også i 2017 vore bevisst, sjølv om det i 2016 var eit overskot på ca. 105 000 kroner. Det har vore auke i turneringsinntektene, medan det har vore nedgang i treningsavgifter i forhold til fjoråret med ca. 20 000 kroner. Det har fortsatt ikkje vore på plass eigen dametrenar, så difor har det heller ikkje i år vore utgifter på det. Midlar for dette er det også i år att omsyn til i budsjettet.

Driftsbygget vart ferdigstilt i år, og me forventa derfor høgare kioskinntekter. Det er ein liten auke i dette frå budsjettet, og største grunnen er nok av at me fekk tilgang til betaling med VIPPS våren 2017. Denne tilgangen fekk vi til Miniputturneringa i mai. I tillegg arrangerte me fotballsundag som også gav oss ekstra kioskinntekter. Dugnadsinntektene i 2017 er nesten halvert i forhold til budsjettet. Det er en nedgang på 6500,- kr i forhold til budsjett. Reklamesponsorinntektene er det også nedgang i, då dei ligger 2000,- kr under budsjett. Kalenderinntektene ligger i år på omlag 18 000,- kr over budsjett,

Samla har det vore ei auke i inntektene i 2017 med rundt 20 000,- kr meir enn budsjettet.

På utgiftssida vart det og gjort nokre bevisste val. Vi har i 2017 fått opp ein ballvegg og gått til innkjøp av stadionklokke, dette er dekka av tilskot frå hovudlaget. Det er utanom dette ikkje vore kjøpt noko særleg anna større utstyr i 2017, så det er om lag 30 000,- kr under budsjett.

Bussutgiftene enda og rundt 35 000,- kr under budsjett, det skuldast rett og slett bruk av bussen og dette vil variere framover med tal lag og bussbruk. Utgifter til turneringar har auka med 30 000,- kr, og domarutgiftene har dobla seg i forhold til budsjettet og er for 2017 på over 78 000,- kr mot 35 000,- kr i budsjettet. Kostnadene til dommarar vart dels ført under lønnskostnader i 2016. Det er i 2017 ei nedgang på utgifter til kretsen for 2017 på over 22 000,- kr. Forsikringar går på tal lag og var i 2017 nesten lik budsjett.

Samla har det vore ein nedgang på driftskostnadene i 2017 med rundt 50 000,- kr enn det som er budsjettet med.

På slutten av 2017 vart det bestilt inn 3-ar bane, denne vart betalt rett over nyttår og vart dermed ikkje med på rekneskapet for 2017. Kostnaden var 47.000,-.

#### Treningsavgifter i 2017:

☒ Senior herrar	kr. 3 000 (endra 2017)
☒ Senior damer	kr. 1 650 (endra 2017)
☒ Aldersbestemt	kr. 1 650 (ny 2015)
☒ Aldersbestemt 9-10 år	kr. 600 (nytt frå 2014)
☒ Miniputtfotball	kr. 500 (ny 2015)

**NB:** Styret vil og i denne meldinga minne om vedtaket frå 2009 om at dei som ikkje har betalt treningsavgift ikkje skal få spele kampar. Vidare at det skal rettast ei purring til dei foreldra dette gjeld. Kjem ikkje slik innbetaling er tiltaket ingen kampdeltaking.

Tilsvarande vil vi og minne om medlemskap i Syril. Dette mellom anna for at forsikrings-ordninga er knytt opp mot gyldig medlemskap. Er ikkje medlemskapen i orden kan ikkje vedkomande spele kampar då laget har eit direkte ansvar for dekning av skader utanom forsikringsordninga.

#### **Oppsummering av året og vidare framover!**

Fotballgruppa engasjerer mange born og unge, og det er eit stort apparat med frivillige som bidreg. Dette er viktig å ta vare på.

På tampen av 2017 beslutta styret å söke om å verte kvalitetsklubb. Dette er eit utviklingstiltak over fleire år, der målsettinga er å utvikle klubben slik at ein jobbar målretta/forutsigbart i høve aktiviteten vi har organisasjon, kompetane og verdiar. Ein vil starte arbeidet med dette i 2018.

Styret håper ein får til gode møteplassar i og mellom laga. Vi oppfordrar alle aldersbestemte lag til å gjennomføre møter med spelar.- og foreldregruppa slik sportsplanen legg opp til. Fair play og sportsplan er tema som bør inngå. Vi ynskjer og å ha felles fotballavslutning for alle i støtteapparatet i 2018.

Kunstgrasbana ved «stadion» saman med kunstgraset ved ungdomsskulen fungerer godt i samband med avvikling av kampar. Før grasbana kan takast i bruk for trening om våren er det til tider liten plass. Området rundt grasbana treng oppgårdering, dette bør samordnast med oppgradering av friidrettsanlegget. Frå 2019 vert 3'ar fotball speleforma for 6-7 åringane, og ein må ha tilgang til 3'ar bane, helst burde ein fått til eit permanent anlegg. Styret vil gjerne ha innspel.

Det er sett ned ei fellesnemd med kommunen og Syril, der ein ser på aktuelle tiltak på Kleppa, i hallen og ved baneanlegget. Eit ynskje er permanet 3'ar baner og 7'ar bane med kunstgras ved barneskulen. Styret ynskjer innspel til aktuelle tiltak.

Sponsorinntektene kunne vore betre i 2017 og bør arbeidast meir med.

Styret vil minne lagleiarar, trenrarar, spelarar, foreldre og andre tillitsvalde om å kome med forslag om korleis SYRIL Fotball kan verte ein betre organisasjon. Styret vil sterkt oppmoda alle om å bidra!

**Styret takkar alle i SYRIL Fotball, utøvarar, dei med verv, dugnadsgjeng, kakebakarar, kioskvakter, heiagjeng m.v. for ein framifrå og stor innsats i 2017. Vidare ønskjer vi å takke næringslivet for aktiv deltaking – sponsorstøtte er uvurderleg. Sogn og Fjordane fotballkrins har vore gode støttespelarar og pådrivarar for gjennomføringa av sesongen.**

Til slutt ein takk til Leikanger kommune for samarbeidet!

**VEL MØTT TIL NYTT ÅR OG NY SESONG!**

Leikanger 04. februar 2018

*Styret  
SYRIL Fotball*

## FOTBALL ÅRSMELDING LAG OG GRUPPER 2018

### **Jentegruppa**

Jentegruppa har som føremål å bidra til å styrke rekryttinga og hindre fråfall av jenter som spelar fotball, eller deltek i anna aktivitet i Syril Fotball. Gruppa blei etablert i 2016, og er kopla til NFF Sogn og Fjordane sitt prosjekt «Alle jenter på bana».

Gruppa har i 2017 hatt følgjande medlemmer:

Mette Stokkenes, Frode Danielsen, Kenneth Lomås og Trude Risnes (leiar).

#### Aktivitet

Gruppa har i 2017 planlagt og gjennomført aktivitetsdag for jenter 11-12 år. Om lag 20 jenter deltok.

Som instruktørar stilte jente- og guttespelarar frå Syril, saman med tidlegare jentespelarar frå Syril og no Kaupanger. I tillegg deltok også spelarar frå SIL 2 herrer og representantar frå jentegruppa. Aktivitetsdagen inneholdt både tekniske stasjonsøvingar og mini-kampar med 3-ar bane. Kretsen stilte med 3-ar bane.

I forkant av aktivitetsdagen inviterte jentegruppa til inspirasjonskveld med mål om å motivere jenter og kvinner til å ta del i tillitsverv, trenar og leiaroppgåver i klubben. Aktiviteten blei dverre avlyst pga sjukdom hjå innleiar frå NFF Sogn og Fjordane.

Gruppa hadde mål om å gjennomføre også ein aktivitetsdag i løpet av hausten, med fokus på øving og gjennomføring av ulike ferdigheitsmerke-øvingar. Dette blei ikkje gjennomført.

#### Aktivitet vidare:

Sportsleg utval og jentegruppa bør drøfte korleis gruppa best kan bidra framover, og korleis gruppa sin evt vidare aktivitet kan samordnast med andre tiltak.

Slik jentegruppa ser det, kan det vere aktuelt at gruppa tek på seg å gjennomføre 1-2 aktivitetsdagar i løpet av året, gjerne med fokus på å øve til og gjennomføre ferdigheitsmerker. Her bør det vere eit mål å også knyte til seg ungdomar, for å motivere til å ta del i klubb-aktivitet utover å vere aktive spelarar.



Instruktørane på  
aktivitetsdag for jenter  
F.v.: *Kristi Fondenes  
Vangsnes, Siv Reagen  
Hickman, Kristinn Jönsson  
Ulrik Fredriksen, Kristian  
Rutlin, Amund Bäckström  
Vikdal, Sigurd Myklebust,  
Amalie Dimmen Henjum,  
Gunvor Hamre Nornes, Sara  
Felde Liljedal*

## **Miniputt**

I år har miniputt stilt lag i følgjande klassar: J/G 6, J/G 7, J/G 8, J/G 9, J/G 10.

J10, G10 og G9 har i tillegg stilt lag i serie.

Det har stort sett gått greitt å skaffe lagleiar og trenarar til alle laga. Nytt i år var at alle miniputtlaga fekk kvart sitt utstyr. Det verkar som det har fungert bra. Det vart og kjøpt inn fleire nye draktsett til miniputtane i vår.

Syril har vore i sone med Sogndal, Bjørn, Luster og Norane. Dette har fungert godt, og mange syns det har vore godt å sleppe ferje til turnering. I høve nivået etter sonebyte, har nok nokon opplevd at nivået har vore høgare i år, og at det ikkje har vore like moro på turnering som tidlegare år. Det har og kome nokre tilbakemeldingar på topping av lag, og det syns me ikkje noko om. Utfordringa frå i fjor med at dei eldste kulla har villa velge vekk turneringane på grunn av at ein møter dei same motstandarane heile tida, er ikkje lenger ei utfordring no etter sonebyte. Det har vore arrangert 4 turneringar i år. Sogndal arrangerte to av dei, medan Bjørn og Syril arrangerte kvar si turnering.

Syril si turnering vart gjennomført den 12.juni. Me hadde 6 baner på kunstgras og 2 baner på grasbana. Me hadde godt kiosksal denne dagen, og foreldra var flinke til å stille opp på dugnad. Elles vil eg skryte av dommarane denne dagen. Mange unge og flinke dommarar som gjorde til at me fekk gjennomført turneringa.

Alle miniputtane starta opp med trening på kunstgrasbana ved ungdomsskulen. Etter at grasbana var klar til bruk i byrjinga av mai, vart dei fleste treningane flytta opp der. Nokre få lag hadde fortsatt nokre treningar ved ungdomsskulen. Det er ei utfordring å få kabalen til treningstidene til å gå opp før ein kan ta i bruk grasbana. Det er eit problem med ugunstige dagar og ugunstige tider når alle laga skal pressast inn på bana ved ungdomsskulen. Dette kjem nok til å vere ei utfordring for miniputtane kvart år.

Nokre lag har hatt felles trening då dei har vore lite spelarar, J7 og G7 har trent saman. Og J10 og J9 har hatt felles treningar.

Alle laga har hatt eigne sesongavslutningar som pizza, pizzabollar, kake, muffins, is, film, skyting, fjelltur, leikar, quiz.

Nokre lag har delteke på turneringar utanom miniputturneringane.

- Birte Andersen, vikarierande hovudlagleiar miniputt

## **Jenter 10**

**Trenarar i år har vore:** Frode Danielsen og Siri Beate England

**Lagleiar har vore:** Siri Beate England

**Desse spelarane har vore med på laget i år.**

- Andrea Sælid Njøs
- Anne England Husum

- Elise Karine Lunde
- Guro Brekken Instefjord
- Jessica Norstein Prince
- Jennifer Kjørlaug
- Kathlen Fossberg
- Ingrid Husum
- Ingeborg Myklebust
- Sanne Stadheim
- Sara Danielsen

### Sportslege aktivitetar

- Vi har hatt to treningar i veka, tysdagar og fredagar. Dei fleste synst det er noko med ein trening i veka, så fredagane har det vore svært få på trening. Dei som ynskjer det har hatt tilbod om hospiteringstrening søndagar.
- Vi har hatt kampdag onsdagar. Det har vore gode resultat og mykje flott fotball. Jentene er flinke og spele i lag som eit lag. Vi har vunne alle kampane.
- I juni var vi på Voss cup med jentene. Dette var ei veldig kjekk helg, der vi fokuserte på det sosiale og samholdet i gruppa. Det var veldig kjekt å få spele 7'ar fotball. Jentene gjorde det veldig godt også her, eit tap, og fire seierar.
- Som ei slags avslutning har vi brukt å delteke på eat move sleep cupen i Sogndal. Vi trenar fram til cupen før vi gir oss for sesongen. Her og hadde vi ei kjekk helg, og jentene gjorde det svært bra, og jobba godt i lag. Det vart eit tap, ein uavgjort og tre seierar.

### Sosiale aktivitetar

- På cupane vi har delteke på har vi satsa veldig på det sosiale, har gjort det meste i fellesskap.
- Som ei slags avslutning reiste vi i haust på ein fjelltur. Det var meldt flott vær så lagleiar kasta seg rundt med informasjon og lage eit opplegg der alle kunne vere med og vi skulle ha det kjekt i lag. Trenarar og spelararreiste på tur i lag med kveldsmaten i sekken, dette var veldig kjekt! Vi møttest på Kvålen og gjekk til Fadnastølen og Tuftahaug. På Tuftahaug tok vi kvelsen.

### Jenter 11

Trenarar: Jan Rune Mardal, Steinar Henjum, Siv Krosshaug

Lagleiar: Siv Jane Tufte Mardal

#### Desse spelarane har vore med på J11 laget i år:

Vi har vore stabile med 13 spelarar heile sesongen. Då vi har trena og spelt kampar saman med j12, har vi også opna for hospitering for alle J10-spelarane. Ei av desse har vist interesse og hospitert fast både på trening og kamp heile sesongen. Dette har vore ein god ressurs for laget vårt i periodar med mange kampar.

Etternamn	Fornamn
Henjum	Elin Dimmen
Mardal	Elise Tufte
Røen	Agate
Skjerdal	Liva Åsnes
Skogli	Katja
Sjøthun	Linnea Christensen
Linde	Vilde Strong

Slinde	Maria Saltnes
Kvam	Andrea Krosshaug
Mellingen	Ragnhild
Porat	Tuva Ylvisåker Von
Almansour	Shaima (andre halvdel av sesongen)

### Sportslege aktivitetar:

- Treningar:
  - 2 treningar per veke (1,5 time kvar onsdag og søndag).
  - 2 av keeprane har gjennomført keepertreninga gjennom tilbod frå Syril.
  - Alle jentene har fått tilbod om å delta på kampar til 2005-kullet (uttak for kvar kamp etter ynskje om hospitering/ferdighet/innslags).
  - Nokre av jentene har fått tilbod om å hospitere med G11.
- Kampar:
  - Seriekampar 7-ar (måndagar) – klasse J 11 år.
  - Seriekampar 9-ar (torsdagar) – klasse J12 år.
- Turneringar/cup:
  - Delteke på Voss-cup med 2 lag sommaren 2017 – eitt i J11 og eitt i J12.
- Andre sosiale trivselstiltak:
  - Fellesskap med frukt i pausane (lagleiar/trenar stiller med fruktfat til heime- og bortelag)
  - Felles avslutning for J11/12 med pizza på Fjordkroa ved sesongslutt. Utdeling av diplom for innsats sesongen 2017.

### Resultat:

Resultat for serien i j11 ber preg av prioritering av J12-laget. Vi har bevisst haldt att spelarar som har spelt J12-kamp for at det skal bli så lik kampfordeling som mogeleg på alle spelarane. Dette har gitt noko ujamne resultat.

Kampdato	Heimelag	Bortelag	Resultat	Merknad
24. april	Syril	Vik	6 – 1	
1.mai	Syril	Norane	9 – 2	
8. mai	Bjørn	Syril	8 – 6	
22. mai	Sogndal	Syril	5 – 1	
29. mai	Syril	Vik	2 – 2	
5. juni	Norane	Syril	4 – 1	
12. juni	Syril	Bjørn	4 – 3	
28. aug	Syril	Sogndal	1 – 5	
4. sept	Vik	Syril	4 – 2	
10. sept	Syril	Norane	3 – 0	Fotball-søndag!
18.sept	Bjørn	Syril	4 – 3	

2. okt	Sogndal	Syril	2 – 0	
--------	---------	-------	-------	--

#### Kretsaktivitet:

Elise Tufte Mardal er utteken til Enivest fotballskule som skal ha helgesamlingar vinteren 2018.

#### Utfordringar for neste sesong:

- Lagspåmelding for 2017 i samarbeid med lag over og under oss. Finne ut kva som er best for klubben, men som samstundes ivaretak samhaldet i aldersgruppa.
- Få til gode ordningar med hospitering og utlån av spelarar mellom lag. Det bør vera god støtte frå styret på dette slik at alle føler seg ivaretakne.
- Differensieringstiltak på treningane – kunnskap og ressursar.

#### Oppsummering av sesongen:

Dette har vore ein utfordrande sesong med to alderstrinn samla på både trening og kamp, med to ulike seriespel. Likevel har dette løyst seg fint. Trenrarar og lagleiarar har samarbeida godt og spelarane har hatt eit flott samhald på tvers av alderstrinn. Mange kampar og treningstimar har ikkje verka til å ta knekken på motivasjonen. Vi opplever organisering av trening og kamp gjennom SPOND og facebook-gruppe som eit systematisk og informativt verktøy som er tidssparande for alle partar.

Jentene har vist god innsats på både trening og kamp. Vi har hatt godt oppmøte og dei har vist gode haldningar ovanfor trenrarar, medspelarar og motstandarar. Det verkar som om dei trivest. Treningstilhøve og kamptilhøve har vore bra. Deltaking på arrangementet «fotballsøndag» var både kjekt og stas. Flott at klubben fekk til dette!

Dommarane vi har hatt denne sesongen har vore flinke og møtt til avtalt tid.  
Me gler oss til ein ny fotballsesong i 2018!

#### Jenter 12

**Trenrarar i år har vore:** Hans Roald Holen og Jan Ole Liljedal frå J12 og Jan Rune Mardal og Steinar Henjum frå J11

**Lagleiar har vore:** Gro Linde



## **Desse spelarane har vore med på J12 laget i år:**

Live Holen

Kristin Husum

Marte Linde Røyseth

Anja Elisabeth Hickman

Anita Strong Skårhaug

Rebekka Felde Liljedal

I tillegg har me hatt god hjelp frå alle J11 og ei jente frå J10 på alle kampar. Me har stort sett spelt 9ar fotball, untatt eit par 7ar kampar.

### **Sportslege aktivitetar:**

- **Treninger:** Jentene har hatt trening ein dag i veka saman med J11. Dei har og hatt ei frivillig trening på søndagar, samt at dei og har kunne trenet saman med J13/14 ein dag i veka. Trenarane frå J11 og J12 har delt på treningane.
- **Resultat / tabell for sesongen:** Dei har spelt difrensieret serie. Vårsesongen spelte me mot Bjørn, Sogndal, Hafslo og Vik. Haustsesongen spelte dei mot Hafslo, Kaupanger, Lærdal og Vik
- 

#### **Vårsesongen:**

Syril	2 - 1	Bjørn
Syril	2 - 1	Sogndal
Hafslo	2 - 3	Syril
Syril	6 - 1	Vik
Bjørn	4 - 3	Syril
Sogndal	0 - 5	Syril
Syril	3 - 1	Hafslo
Vik	2 - 6	Syril

#### **Haustsesongen:**

Hafslo	1 - 4	Syril
Syril	3 - 3	Kaupanger
Lærdal	0 - 3	Syril
Syril	2 - 2	Vik
Syril	0 - 1	Hafslo
Kaupanger	2 - 1	Syril
Syril	3 - 0	Lærdal
Vik	4 - 1	Syril

**Cupar:** Jentene har delteke på Voss Cup med god hjelp frå J11

### **Kretsaktivitet:**

Live Holen og Rebekka Felde Liljedal er uteken til Enivest fotballskule som skal vere samlingar i helgar vinteren 2018

### **Sosiale aktivitetar:**

Me hadde fotballavslutning på kroa med pizza og brus. Alle jentene fekk utdelt kvar sin «diplom»

### **Utfordringar for neste sesong:**

Dette er eit lite kull med kunn seks jenter, men neste år er dei småjenter og spelar saman med jenter 2004.

## **Oppsummering:**

Me har hatt mange kjekke treningar og kampar saman.

Alle har hatt ein flott utvikling gjennom sesongen. Jentene er ulike og har alle sine område dei er gode på.



## **Småjentelaget (f 2003 og 2004)**

### **Trenarar i år har vore:**

Hovudtrenarar: Rune Henjesand og Stein Vangsnes

Hjelpetrenarar: Kitty Krosshaug Steinar Fredheim Stig Olav Sørum

**Lagleiar har vore:** Christel Grepstad og Eva Solhaug Fosshagen

### **Desse spelarane har vore med på småjentelaget i år:**

Jenter 2003	Jenter 2004
Karoline Ølnes	Kristin Fredheim
Camilla	Ingrid Molvær
Kine Christensen Stokkenes	Pia Krosshaug
Nora Henjesand	Ingeborg Knudsen Berg
Synnøve Fosshagen	Sarah Grepstad Røysum
Runa Vangsnes	Anna Grepstad Røysum
Silje Lunde Nesdal	Doaa Almansour
Snit Ogbai	VildeVilde
	Beate Humlestøl Njøs
	Kari Gjengedal

Live Holen frå 2005 har vore med på ein kamp.

### Sportsleg aktivitetar

- Vi melde på eit 7'ar lag og eit 9'ar lag. 7'ar laget vart trekt før serien starta. Grunnen var at fleire spelarar var langtidsskada i tillegg til at vi måtte hjelpe jentelaget med spelarar til alle deira kampar. Samla sett vart det spelt 14 kampar i serien. Nora Henjesand gjekk over til å berre spele på jentelaget frå haustsesongen.  
Kampdag var tysdag.
- Treningar  
Etter nyttår starta vi opp med frivillige treningar for dei som hadde lyst og dei som ville delta på innandørs KM. Frå mars starta vi med treningar utandørs på kunstgrasbana. Det var to treningar gjennom sesongen for småjentene. Torsdag var det felles med jentelaget.
- Hospitering  
Det har vore lagt opp til hospitering med jentelaget for dei som ønskte eit slikt tilbod. 8 av jentene har trena og spelt kampar for jentelaget. Det er Karoline, Runa, Pia, Ingeborg, Ingrid, Synnøve, Sni og Nora. Nora har trena og spelt kampar med smågutelaget.  
  
Alle spelarane frå 2005 -Live, Rebekka, Marte, Anja, Anita og Kristin har hospitert på nokre treningar.
- Resultat/tabell for sesongen  
Vi kom på 7. plass i vårsesongen og spelte 2. divisjon på hausten. Når haustsesongen var ferdig viste tabellen 5. plass på småjentelaget.

Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total				Poeng	
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål		
1	Kaupanger J 13/14 9	6	3	0	0	11 - 1	3	0	0	21 - 2	6	0	0	32 - 3	29	18
2	Bjørn J 13/14 9	6	3	0	0	9 - 3	2	0	1	11 - 7	5	0	1	20 - 10	10	15
3	Hafslo J 13/14 9	6	2	0	1	18 - 14	2	0	1	5 - 4	4	0	2	23 - 18	5	12
4	Jotun J 13/14 9	6	2	0	1	19 - 2	1	0	2	4 - 10	3	0	3	23 - 12	11	9
5	Syril J 13/14 9	6	2	0	1	7 - 4	0	0	3	4 - 14	2	0	4	11 - 18	-7	6
6	Sogndal J 13/14 9 2	6	0	0	3	1 - 9	0	1	2	1 - 4	0	1	5	2 - 13	-11	1
7	Sogndal J 13/14 9 3	6	0	1	2	3 - 16	0	0	3	3 - 27	0	1	5	6 - 43	-37	1

- Cupar  
Norway Cup: 2003-kullet og 3 spelarar frå 2004 deltok på Norway Cup. Her kom vi til A-sluttspillet, men rauk til slutt ut i 8.-dels finalen etter tap 3-0 mot Blindheim.  
Ei kjekk turnering med overnatting på Haraldsheimen.
- Ål-cup: 2004 –kullet deltok på Ål-cup. Fekk tredje plass etter å ha tapt finaleplassen på loddtrekning.



- Kretsaktivitet  
Coerver fotballskule: Sarah, Ingrid, Ingeborg og Pia  
Enivest sonelag for 2004. Pia og Ingrid  
Akademilag 2003. Snit, Kine, Runa og Nora  
Kretslag 2004. Pia  
Kretslag 2003. Nora  
Team Sogn og Fjordane: Nora
  
- Ferdigheitsmerke  
Ikkje gjennomført
  
- Andre sportslege aktivitetar  
KM Innandørs i februar/mars – vi stilte med to lag  
\* 2003: Vart ikkje kvalifisert til sluttspel  
\* 2004: Kvalifisert til sluttspel på Sandane  
Futsalturnering – deltok på turnering i Vik i januar  
Jentefotballens dag i april på Kaupanger

#### **Sosiale aktivitetar**

Vi hadde avslutning med pizza på Fjordkroa like etter sesongslutt. Her var det utdelinga av diverse priser;  
Til den som hadde hatt størst framgang og god innsats i løpet av sesongen – Doaa og til den som var på flest treningar – Sarah.

#### **Utfordringar for neste sesong**

Å klare å få alle spelarane til å bli med vidare, behalde breidda og ta vare på toppane.

Godt samarbeid på trening og kamp med laga over og under oss slik at vi kan stille lag i alle klassane og får gode og kjekke treningar i jentegruppa.

## **Avslutningsvis**

Vi ønskjer å takke spelarar, trenarar og foreldre for godt samarbeid denne sesongen. Ei spesiell takk til Rune og Stein som no gir seg som trenarar.



Norway cup

## **Jenter 15/17**

**Trenarar i år har vore:** Tony Borlaug og Sven Erik Heggestad

**Lagleiar har vore:** Tone M Oppedal

**Desse spelarane har vore med på J15/17-laget i år.**

02: Oline Flatabø Kleiven, Kamilla Menes Hove, Veronica Borlaug, Ida Maria Borlaug, Dina Krosshaug, Vilde Oppedal Jacobsen

01: Amalie Dimmen Henjum, Synne Gjerde, Gunvor Hamre Nornes, Tina Heggestad, Sara Felde Liljedal, Therese Foss,

03:Nora Henjesand, Snit Ogbai, Runa Vangsnes, Karoline Ølnes, Synnøve Fosshagen,

04:Pia Krosshaug, Ingrid Molvær, Ingeborg Knudsen Berg,

00:Julianne Fossberg

## **Sportslege aktivitetar**

- Laget starta med innetrening i januar fram mot KM. Før seriestart hadde dei to treningar i veka på tysdag og måndag.

- Jentelaget hadde lag med i innendørs KM i både J15 og J16. J16 kvalifiserte seg til finalen i Førde og vart nr 3. I vårsesongen i serien vart jentelaget nr 4 og har derfor spelt i 2.divisjon i haust. Dei vant 2.divisjon avd. 1.  
Det har vore utfordrande med så liten basis- stall med jentespelarar – 12 jenter frå 02 og 01. Tre av spelarane har i periodar vore langstidsskada og laget har då vore heilt avhengig av at småjentene hadde kapasitet til å vere med. Enkelte kampar har hatt knapt med innbyttarar.
- I sommar deltok jentelaget på Sandarcup i Sandefjord og kom til finalen der dei tapte til slutt på straffespark konkurransen. Dei vart dermed nr 2.
- På jentelaget er det fleire som har vore med på tiltak i regi av kretsen: Synne Gjerde, Dina Krosshaug, Oline Kleiven og Vilde Oppedal Jacobsen



## Sosiale aktivitetar

Før heimekamp mot Kaupanger i vår hadde laget felles frukost heime hos lagleiar. På turneringa i Sandefjord hadde dei tur til Strømstad, eliteserie- kamp Sandefjord-Sogndal og stranddag på programmet. Fotballavslutning i haust hadde vi på Villmarka.

## Utfordringar for neste sesong

Basert på erfaringane frå i år, så er det å nok spelara som held seg skadefrie ein utfordring.

Det er få som ynskjer å ha rolla som keeper og det kan bli ei utfordring framover.

## Oppsummering

Jentene har gjennomført ein bra sesong og det er mange ivrige spelarar i troppen.

Dei har nok endå meir å hente på tempo og intensitet. Dei aller fleste svarar ne at dei veit at dei vil fortsette neste år- ei er litt usikker.

## **Årsmelding Syril damelag 4 divisjon (7-ar)**

**Lagleiar:** Oddrun Mangerøy

**Trenaransvar:** Lina Lunde Christiansen

Damelaget deltok i seriespel for andre år på rad. I år var det totalt 6 lag med i serien, Sogndal, Hafslø, Lærdal, Vik, Dale og Syril. Vi spelte 4 kamper i vårsesongen , og 5 kamper på hausten. Den siste seriekampen, borte mot Dale, klarte vi diverre ikkje å stille lag. Sesongen vart diverre prega av at vi var litt få spelarar, og vi har vore heilt avhengig av godt samarbeid med jentelaget. Damelaget slo Dale 4-3 på heimebane i september , og fekk 3 poeng totalt denne sesongen.

Vi har stort sett hatt ei trening i veka gjennom heile sesongen, og trenar og i gymsalen no i vinter. Vi håper at vi klarer å stille lag i sesongen 2018, det er viktig at jentene som kjem opp frå jentelaget får eit tilbod.

**Desse spelarane har kampar for damelaget sesongen 2017. (Tal kampar og mål i parentes)**

Ane Bjørk (9 kampar, 4 mål) ,Ida Bjørk (9 kampar), Marit Rygg Fredheim (8 kampar, 2 mål)

Tuva Ulveseth Kvalsøren (3 kampar) ,Linda Strand (8 kampar), Silje Andersen ( 6 kampar)

Linn Heggestad ( 6 kampar, 1 mål), Lina Lunde Christiansen (7 kampar), Siri Fossøy (9 kampar, 6 mål)

Kristine Linde Røyseth (4 kampar), Helene Risnes Wolff (2 kampar) ,Marianne Lerum Lund (5 kampar, 1 mål)

### **Frå jentelaget**

Therese Foss (6 kampar)

Gunvor Hamre Nornes (5 kampar, 1 mål)

Oline Flatabø Kleiven (1 kamp, 1 mål)

Dina Krosshaug (1 kamp)

## **Gutar 10**

**Trenarar i år har vore:** Lars Ivar Menes, Torbjørn Hasund og Olav Eggum

**Lagleiar har vore:** Elin Falkgjerdet

**Desse spelarane har vore med på G10 laget i år:**

Endre Njøs Verlo

Aleksander Eggum

Nikolay Einarsen

Johan Felde Hasund

Erlend Valvik Menes

Jørgen Humlestøl Njøs

Erlend Ølnes Hamre

Even Gjerde

Olve Nesse Takle (slutta etter vårsesongen)

Mohamad Zakaria Batal (slutta etter vårsesongen)

**Sportslege aktivitetar:**

**Treningar:** Starta opp med treningar i slutten av mars

Gjennom sesongen har vi hatt to treningar a 1.5 time i veka (Mandagar og torsdagar).

Det har vore veldig bra oppmøte på treningane. Gutane har vist veldig mykje engasjement og vore læringsvillige. Veldig bra!

Trenarane har organisert treningane på ein god måte og vore godt førebudde på treningar og kampar.

Nokre av G10 har hospitert med G11 på treningar, innimellom har nokre G9 og J10 hospitert med G10 etter ynskje frå spelarane.

**Kampar:** Vi har stilt med eit 5ar lag i serien. Har spelt i avdeling med Vik1, Vik2, Kaupanger og Sogndal. Har spelt 8 kampar.

Har delteke på alle fire miniputturneringane, to av dei i Sogndal, ein i Gaupne og ein på heimebane. Har stilt med to lag på tre av turneringane og eit lag på ein turnering

**Cupar:** G10 har delteke på Voss Cup med eit 7ar lag. Spelte fire kampar, møtte laga Bjarg Skeie, Baune Kvit, Tertnes Blå og Nest Sotra. Hadde ei flott helg både sportsleg og sosialt. Ein stor «happening» for gutane. Her «lånte» vi med oss Heine og Bjørnar -09

I tillegg deltok vi på Eat Move Sleep Cup i Sogndal med eit 7ar lag. Spelte fem kampar på Fosshaugane Campus mot Faaberg, Bjørn, Åtil, Førde Slåtten og Liverpool Halbrend.

Kjekt å spele mot ukjende lag.

**Ferdigheitsmerke:** Det har ikkje vore avholdt ferdigheitsmerke då dette ikkje har vore prioritert.

**Dugnader:** Foreldre har utført dei dugnadsoppgåvene vi har fått tildelt. Miniputturneringa, stell av grasbane om våren, kiosk under kamp, bossplukking

**Sosiale aktivitetar:** Vårsesongen blei avslutta med bollar og brus oppe på bana. Etter sesongen arrangerte trenarar og lagleiar sesongavslutning på møterommet i Saften. Vi serverte pizza, kake og brus, snakka om sesongen som har vore, hadde ulike aktivitetar som handla om samarbeid og avslutta kvelden med quiz. Heldt på i 2,5 timer. Ein kjekke kveld.

**Utfordringar for neste sesong:** Utfordringa vår framover er at vi er eit lite kull, men med godt samarbeid med kullet under tenkjer eg det vil gå fint.

**Oppsummering:** Ein flott sesong med stor aktivitet og ein fin gjeng.

Til slutt vil eg som lagleiar takke trenarar for godt samarbeid og vel utført trenarjobb gjennom heile sesongen. Takk også til foreldre som har stilt opp på foreldreoppgåver de vert tildelt.



## **Miniputt Gutar 11(7'ar lag)**

**Trenarar:** Andreas Thue Steinar Aaland Eggum (vårsesongen) Alf Thorsnes Roger Gåserud Kjell Nornes og Ørjan Talle

**Lagleiar:** Torill Skårhaug og Eva Hamre



*Ein fornøgd gjeng på Lerum Cup*

### **Spelarar:**

Trygve Flaten	Einar Servold Gåserud
Sondre Ramstad Os	Sigurd Ylvason Hodnesdal
Daniel Borlaug	Jonas Berge Jørgensen
Andreas Borlaug Hauge	Sondre Hauso (haustsesongen)
Aksel Aaland Eggum	
Tore Hamre Nornes	Desse spelarane har hospitert opp med G12:
Stian Strong Skårhaug	Aksel Aaland Eggum
Even Skårhaug Talle	Tore Hamre Nornes
Sondre Farstad Skagen	Stian Strong Skårhaug
Kent Thorsnes	Even Skårhaug Talle
Vegard Olsmo Oen	Adrian Olai Nornes
Adrian Olai Nornes	

I og med at vi hadde meldt på berre eitt lag til serien vart gutane delt i tre puljar og to av puljane deltok på kvar kamp. Som følgje av at G12 har mangla spelarar til mange av sine kampar vart det ein god del

hospitering i kamp. Det vart ikkje gitt systematisk tilbod om hospiteringstrening. G10 har hatt tilbod om å vere med på hospiteringstrening på torsdagar, 3-4 stk. har delteke.

### Sportslege aktivitetar

Gutane starta opp med trening i mars og hadde trening to dagar i veka ut september. Etter eit lite opphold starta vi opp att med futsaltreningar i november.

Vi hadde følgjande treningstider ute:

Mandagar 16:30 – 18:00 Kunstgrasbana

Tysdagar 16:30 – 18:00 Kunstgrasbana

Det var mange av mandagstreningsane som kolliderte med kampar på kunstgrasbana, og vi flytta derfor ein del av treningsane ned på ungdomsskulen.

Vi hadde eitt 7'ar lag påmeldt i serie og spelte totalt 15 kamper i sesongen. Haustsesongen var differensiert basert på resultat i vårsesongen.

Laget deltok på Voss cup 16.- 18. juni, Lerum Cup 31. juni - 2. juli og EAT-MOVE-SLLEP cup 21.-22. oktober.

På Lerum Cup hadde vi og med spelarar frå G10.

Etter sesongslutt starta vi opp med innetreningar i november og har plan om å stille lag på futsalturneringa i januar.

### Resultat

#### Vårsesongen

Dato	Heime	Borte	Resultat
19. april	Sogndal 2	Syril	16-6
26. april	Syril	Bjørn	11-3
03. mai	Årdalstangen	Syril	12-1
10. mai	Sogndal 4	Syril	5-6
31. mai	Syril	Jotun	6-5
7. juni	Lærdal	Syril	15-3
14. juni	Syril	Hafslo	7-9

#### Haustsesongen

Dato	Heime	Borte	Resultat
30. august	Syril	Lærdal	3-6
6. september	Sogndal 4	Syril	7-3
13. september	Syril	Vik 2	1-12

20. september	Kaupanger	Syril	11-2
4. oktober	Syril	Hafslo	5-8
18. oktober	Sogndal 3	Syril	15-2
25. oktober	Syril	Bjørn	2-7

## Oppsummering

Laget har hatt ein fin sesong der alle har delteke gjennom heile sesongen. Til tross for mange tap held gutane motet opp og har fint samhald i troppen ☺

## Lillegutt G12

### Trenarar i år har vore:

Bjørn Orrestad, Christian Kleiven, Rune Barsnes, Geir Christensen og Bjørn Fardal

### Lagleiarar har vore:

Hilde Ruud og Linda Kannelønning

### Desse spelarane har vore med på laget i år:

Patrik B. Orrestad, Håvard H. Fardal, Ole C. Stadheim, Sigbjørn N. Eikeland, Andreas Gjengedal, Sander S. Linde, Nickolas Fossberg, Oskar F. Kleiven, Mathias Marøy, Jim Thorsnes, Magnus H. Moen, Gard Christensen, Erlend H. Fardal, Andreas Haugen, Christian Eggum, Angelo Singdahlsen, Andrea H. Barsnes, Andreas B. Ertsland og Jarand H. Fardal. (På vårsesongen var Rikard Årethun med).

## Sportslege aktivitetar

I sesongen har laget trent to gonger i veka. Frå om lag haustferien til cupen i oktober hadde gutane ei trening i veka. Vi har nytta kunstgrasbana på stadion. Om lag halvparten av gutane har hospitert med G13. Fleire av 11-åringane har hospitert opp til G12. Treningstidene har vore lagt opp til at G12 har hatt ei trening på bana samstundes med G13, og ei trening på bana samstundes med G11. På denne måten har det fungert fint med hospitering.

Det har vore veldig bra oppmøte på treningane. Treningstidene har passa bra med tanke på kampavvikling på bana.

Laget har stilt med to lag i serien. Kven som har vore på lag har variert. Syril 1 spela totalt 14 seriekamper, 12 tap og 2 sigrar og Syril 2 spelte 15 seriekamper, 12 tap, 2 sigrar og 1 uavgjort. Det har både vore spelt 7'ar og 9'ar kamper avhengig av kor mange spelarar motstandaren har hatt tilgjengeleg. Når det gjeld resultatet har det vore mykje tap. Men gutane gir ikkje opp, dei held motet opp. Tommel opp til dei! På kampane har det vore noko ulik speletid for gutane, det er ikkje alle like nøgde med. Alle har lyst til å spele fotball, også på kamp. Ein kamp med ulik speletid er ok, men over tid (år) blir skilnaden etter kvart stor.

Laget har vore med på 2 fotballcupar denne sesongen. Vi deltok på Voss Cup i juni og på Eat, Move, Sleep Cup i Sogndal i oktober. Vi deltok med to lag på kvar av desse arrangementa.

Gutane har vore med på 2 futsal-turneringar i haust. Ein med 'blanda' lag, i Vik, og ein med 'differensierte' lag, i Lærdal. Det kom kommentar frå anna trenar med spørsmål om Syril hadde toppa laget på siste turneringa i Lærdal, det er ikkje vanleg i futsal /på G12-nivå. I samband med futsal har gutane hatt ein trening i veka i Saften. Takk til trenarane som har stilt på trening kvar onsdag i vinter! Det er kjekt for gutane å ha faste treningstider også om vinteren.

Før sesongstart, i mars, arrangerte Kaupanger IL gutefotballens dag. Alle lag spelte 4 kampar. Syril stilte med to lag. Målsetjinga med dagen var å gje gutane ein kjekk start på fotballsesongen, der ein får kamptrening utan fokus på resultat, sluttspel og tabellar.

### **Enivest fotballskule**

Andreas Haugen, Oskar Flatabø, Gard Christensen, Christian Eggum, Angelo Singdalsen, Ole Stadheim og Partik Orrestad vart nominert av trenarane. Angelo, Ole og Patrik vart plukka ut til Enivest fotballskule. Uttaket var basert på trenarane sine prioriteringar og på kva posisjonar på bana kretsen hadde behov for folk. Men ingen av G12 gjekk ikkje vidare til kretslaget

### **Sosiale aktivitetar**

Som sesongavslutting vart det arrangert ei samkome på Sognefjord hotell. Det vart servert pizzabuffet og brus. I tillegg til dette hadde vi ein uhøgtidleg quiz med spørsmål om fotball og andre tema som opptek 12 åringer. Veldig kjekk kveld for gutane (og dei vaksne).

### **Utfordringar for neste sesong**

Gutane på G12-laget er mange og spelegruppa har ujamne fotballferdigheiter. Utfordringa til neste år blir å lage eit opplegg der alle føler at dei betyr noko for laget, samstundes som at dei som treng ekstra utfordringar får det. At nokon får ekstra utfordringar er bra, men det må ikkje gå ut over resten av laget. Max speletid på kamp er positivt og utviklende for alle, samt at det gjev ein følelse av å vera ynskt på laget.

### **Oppsummering**

Alt i alt har laget hatt ein fin sesong der alle har delteke gjennom heile sesongen. Gutane møter på trening og trivest. Om det blir tap på kamp klarer dei å halde humøret oppe og det er positivt. Trenarane har gjort ein god jobb! Imponerande korleis trenarane stiller opp for gutane gjennom heile året, år etter år! Foreldra elles deltek på dugnadar og kiosk. Det er bra! Sosialt fungerar gutane godt i lag og det er alltid moro på Cup, særleg har Voss Cup vore ein suksess med overnatting på Bømoen og mange gode kamper.

Gutane gler seg til ny sesong!

## Smågutar 13/14

**Spelarar:** Sindre Husabø Thue, Espen Hickman, Gøran Sælid Njøs, Mathias Bäckström Vikdal, Klaus Mjelstad, Sindre A Navarsete, Leander A Hauge, Lukas C Sjøthun, Alexander Saltnes Slinde, Fredrik Skårhaug Talle, Daniel Flaten, Erlend T Henanger, Simen Ylvisåker von Porat, Hans Fosse Fidjestøl, Julian Nicolai Husum, Håvard Kristiansen (Omar Batal)

**Trenarar:** Endre Navarsete, Rune Njøs og Astrid Asperanden Hauge

**Lagleiarar:** Elin Christensen 7'ar og Marianne Husabø 9'ar

**Treningar:** 2 treningar pr veke; onsdag og fredag. På vårsesesongen hadde nokre spelarar og tilbod om å hospitera på G15/16 sine treningar tysdagane. På haustsesongen vart hospiteringstreningen vekke fordi G15/16 kutta den treningen.

Frå november har det vore tilbod om 1-2 treningar innandørs i Leikangerhallen.

**Seriespel/tabell:** 9'ar; på vårsesongen vart me tabellvinnar- og spelte dermed i 1.divisjon på hausten. Spelte totalt 18 seriekampar.

Plass	Lag	Total					Poeng
		V	U	T	Mål	Diff	
1	Gaular G 13/14 9	10	0	0	56 - 12	44	30
2	Høyang G 13/14 9	8	0	2	47 - 20	27	24
3	Syrl G 13/14 9	5	1	4	43 - 31	12	16
4	Lærdal G 13/14 9	3	2	5	29 - 15	14	11
5	Jotun G 13/14 9 2	1	1	8	15 - 36	-21	4
6	Kaupanger G 13/14 9	1	0	9	18 - 94	-76	3

Tabell haustsesong 9'ar

7år spelte trippel serie på vårparten og dobbel serie på hausten. Då kom Vik inn som ekstra, slik at det totalt vart 4 lag i denne pulja. Totalt vart det spelt 12 seriekampar der vi har vunne 7 kampar, tapt 4 og spelt 1 uavgjort. To av gutane har kun hatt ønskje om å spele 7år elles har alle spelarar spelt både 7år og 9'ar.

Plass	Lag	Total					Poeng
		V	U	T	Mål	Diff	
1	Vik G 13/14 7	4	1	1	53 - 21	32	13
2	Balestrand G 13/14 7	3	1	2	31 - 29	2	10
3	Syrl G 13/14 7	3	0	3	27 - 35	-8	9
4	Biørn G 13/14 7	1	0	5	22 - 48	-26	3

Tabell haustsesong 7'ar

**Cupar/turneringar:** 14-åringane deltok på kvalifisering til KM i februar. Stilte i 15-års klassen ilag med nokre 15-åringar.

13-åringane stilte med 9 spelarar og kvalifiserte seg til KM futsal.

14-åringane deltok og med eit 7'ar lag på Norway cup i juli/august. Lånte med spelarar frå Kaupanger + over- og underårige frå Syril, for å kunne klare å stille lag. Tapte 3-2 i 1/8 finalen i A-sluttspillet.

13/14-åringar deltok på Ål cup i august med eit 9'ar lag. Tok 3.plassen etter tap av semifinalen med loddtrekning.

13 åringane har no hatt sin første futsalturnering og er også påmeldt til den 2.

Det har vore ein kjempe fine gjeng og følgje dette året!



Ål



Norway cup

## Gutar 15/17

**Trenarar i år har vore:** Marius Midtun Aaberge og Terje Verlo

**Lagleiar har vore:** Ingvill Njøs

**Desse spelarane har vore med på guttelaget i år.**

Amund Bäckstrøm Vikdal	Magnus Risnes Wolff
Sigurd Myklebust	Ingemår Fosshagen
Kasper Foss Johannessen	Sigurd Mellingen
Gard Grinde	Adrian Husabø Thue
Martin Strømseng Ophun	Ørjan Langeteig
Torbjørn Strømseng Ophun	Hans Kristian Midtun Aaberge
Joakim Walaker	Per Bjørk
Eirik Njøs Mardal	

### Sportslege aktivitetar

Me starta sesongen allereie i mars. Fokuset vårt var på å skape eit godt og inkluderande miljø for gutane. Vi ville også at foreldra skulle føle at det var låg terskel for å ta opp ting.

På vårsesongen starta me med tre treningar i veka. Tysdag 1630-1800, torsdag 2000-2130 og fredag 1630-1800. Den tredje treninga på fredag var etter ynskje frå gutane sjølve. Me hadde då ei trening samstundes som senior, ei samstundes med J15/17, og ei samstundes som G13/14. Det fungerte fint. Det vart også muleg for guttespelarar å hospitere å senior, samt at jente- og småguttspelarar kunne trenre med oss utenom si eiga treningstid. Til tross for at fredagstreninga var sjølvvalgt var det ofte lite folk på denne. Då vart det til at me slo treninga i lag med G13/14. Me enda omrent midt på tabellen etter vårsesongen.

På hausten fekk vi ny kampdag, torsdag. Det førte til at me måtte endra noko på treningstidene. I tillegg måtte me ta vekk den tidlege tysdagstreninga då dei fleste gutane byrja på VGS i Sogndal, og ikkje slutta før 1520 denne dagen. Fire av gutane byrja også oppatt på handball. Då stod me att me onsdag og fredag som einaste alternative treningsdagar. Slik sett vart det vanskeleg å oppretthalde den gode planen som vart lagt på våren. Likevel har både G 13/14 og J 15/17 fått bra med speletid i lag med oss. Totalt har 13 hospitarar har vore innom i løpet av sesongen. Med 15 spelarar i troppen vår har me vore sårbar. Me har difor vore veldig glad for at me har kunne lånt mange spelarar både frå J 15/17 og G13/14.

Me enda sesongen som vinnarar av serien vår, og er godt nøgde med det.

Gutane fekk tilbod om å reise på Maxi-turneringa på Hamar i slutten av august, men grunna for få påmelde fekk me ikkje gjennomført det.

## Sosiale aktivitetar


Me starta sesongen med tur til Sandane på KM-futsal. På bortekampane våre har me ønskt buss med tanke på det sosiale i gruppa. Etter vårsesongen var det snakk om ein samankomst, men grunna at mange reiste tidleg på ferie så utgjekk dette. Etter haustsesongen har me hatt avslutningskveld med kake og sosialt før me avslutta med treningskamp mot Syril Oldboys, som me vann.

## Utfordringar for neste sesong

Denne sesongen har me hatt 15 spelalarar i stallen. Slik sett har me vore veldig sårbare. Behovet for å bruke hospitantar har vore tilstades i nesten kvar kamp. I tillegg er aldersgruppa utfordrande fordi dei er midt mellom barn og voksen. Dei vert for store til at foreldra skal ta ansvar for oppmøte på trening ol, samstundes som dei ikkje er ansvarlege nok til å ta det sjølv. Det har mellom anna ført til at me har gjennomført mange treningar med svært få spelalarar.

## Oppsummering

Me har hatt ein kjekk sesong med ei fin spelargruppe der alle går fint i lag og har sin plass. Det har vore noko utfordring knytt til oppmøte på trening, spesielt på fredagar. Til tross for det verkar det som at alle har det veldig kjekt i lag. Sportsleg var me særskilt nøgde med å vinne serien på hausten. Mange viser god moral og spelarglede. Me tenkjer at det har vore bra at me har hatt trenrarar som ikkje er forelder til nokon i gruppa. Me har heller ikkje hatt konflikter, verken i spelargruppa eller i foreldregruppa.



## A-lag senior herrar (5. divisjon)

### Trenarar i år har vore:

Leiv Inge Fimreite, hovudtrenar.

### Lagleiar har vore:

Erlend Husabø

### Sportslege aktivitetar

Det var faste treningar frå januar. I kampsesongen hadde ein alltid mellom to og tre treningar per veke. Treningsoppmøtet var har vore varierande, og me har merka at stallen har vore for liten. Me har hatt ein hovedtrenar i Leiv Inge Fimreite som har gjort ein kjempeflott jobb, særleg med tanke på utfordringar kring lite spelarar. Ein har verkeleg fått sett behovet ein har i Syril for å ta vare på både dei unge og gamle. På slutten av sesongen var antallet spelarar kritisk og her var dei eldre garde som tok ansvar og var essensielle for at me fekk gjennomført sesong. Her lyt ein trekka særleg fram Jan Tore Slinde og Steinar Henjum som er føregangsbilete når det kjem til prioritering og bidrag.

Ein har vore ein flott og samansveisa gjeng som har levert ein veldig god, om enn varierande sesong. Etter første halvdel av sesongen låg ein heilt oppe i opprykkskampen.

Tabell for sesongen:

Plass	Lag	Kamper	Poeng													
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	<a href="#">Studentspretten</a>	20	8	0	2	42 - 19	9	0	1	43 - 13	17	0	3	85 - 32	53	51
2	<a href="#">Kaupanger</a>	20	8	0	2	42 - 14	6	1	3	27 - 16	14	1	5	69 - 30	39	43
3	<a href="#">Sandane</a>	20	6	2	2	30 - 11	4	0	6	27 - 35	10	2	8	57 - 46	11	32
4	<a href="#">Balestrand</a>	20	6	1	3	33 - 23	4	1	5	22 - 30	10	2	8	55 - 53	2	32
5	<a href="#">Syril</a>	20	7	0	3	39 - 23	3	1	6	18 - 36	10	1	9	57 - 59	-2	31
6	<a href="#">Fjøra 2/SIL 3</a>	20	5	2	3	33 - 26	4	0	6	15 - 29	9	2	9	48 - 55	-7	29
7	<a href="#">Jølster</a>	20	6	0	4	33 - 18	3	1	6	16 - 24	9	1	10	49 - 42	7	28
8	<a href="#">Stryn 2</a>	20	7	1	2	35 - 16	0	3	7	14 - 46	7	4	9	49 - 62	-13	25
9	<a href="#">Selje</a>	20	6	2	2	35 - 18	1	1	8	19 - 40	7	3	10	54 - 58	-4	24
10	<a href="#">Bjørn</a>	20	5	1	4	23 - 25	0	2	8	17 - 40	5	3	12	40 - 65	-25	18
11	<a href="#">Gaular</a>	20	1	2	7	11 - 34	0	1	9	9 - 47	1	3	16	20 - 81	-61	6

Herrelaget scora nesten 3 mål i snitt per kamp, så det var høg underholdning på Syril Stadion. Andre Thorsnes Talle vart toppscorar med 15 mål. De har også vore kiosk og speaker på samtlige heimekampar, og me får ofte skryt for våre arrangement frå motstandarlag. Og her lyt ein rekka ein stor takk til publikum so møter opp til kvar kamp. I tillegg er det vert å nemne grand old man Nils Henjum som med si stemmeprakt er synonymt med A-lagskamp på bana.

### Dugnadar

Dugnadsbidraget frå senior har vore speaker- og resultatservice på innandørs futsal og den årlege blomsterdugnaden som genererer flotte inntekter til Syril fotball. På desse dugnadane bidrag herrelaget med 10 personar på kvar.

I tillegg bidrog 12 spelarar på ein flott aktivitetskveld i Saften for barn mellom 6 og 12 år. Her var det nesten 100 barn i aktivitet, og dette var ei svært gledeleg og kjekk kveld som seniorspelarane hadde opplegg og bydde på seg sjølv.

### **Sosiale aktivitetar**

Herrelaget feira seg sjølv på Villmarka i hyggeleg lag saman med damelaget. Her vart det gjort stas på årets spelar (Steinar Henjum) og årets unge spelar (Andre Thorsnes Talle)

### **Utfordringar for neste sesong**

Det er føre 2018 sesongen store utfordringar både på trenar- og spelarsida, men me kryssar fingrane for at me igjen kan ønske velkommen til a-lagskamp på syril stadion i 2018.

### **Oppsummering**

Herrelaget har levert ein svært god sportsleg sesong, med liten tropp og begrensa treningsmoglegheiter vinterstid. Utfordringa framover blir å framleis holde opp eit 5. divisjonslag på herresida i Syril.

## Vedlegg: Verv/kontaktpersonar i 2017

Stryet		Magna F Vangsnes Kjetil Berg, Bente Johnsen, Linda Fossberg, Erlend Husabø, Steinar Røysum, Terje Verlo, Elin Falkgjerdet	
Valnemnd		Kitty Krosshaug, Siw Heidi Backstrøm, Trude Risnes	
Dommarkontakt		Marianne Husabø	
Fair-Play kontakt		Magna Vangsnes	
Kiosk ansvarleg		Linda Fossberg	
Jentegruppa		Trude Risnes, Mette Stokkenes, Kenneth Lomås, Frode Danielsen	
Sportsleg utval		Rune Wolff, Stein Vangsnes, Nils Tore Krosshaug, Ivar Henjum	
<b>Trenrar og lagleiarar</b>			
Herrar 5.div.	11`ar	Erlend Husabø	Lagleiar
		Leiv Inge Fimreite	Trenar
Damer 4.div.	7'ar	Oddrun Mangerøy	Lagleiar
		Lina Lunde Christiansen	Trenar
Jenter	11`ar	Tone Oppedal	Lagleiar
J15-17		Tony Borlaug	Trenar
2000-2002		Sven Eirik Heggestad	Trenar
Gutar	11`ar	Ingvill Njøs	Lagleiar
G15-17		Marius Aaberge	Trenar
2000-2002		Terje Verlo	Trenar
Små jenter	9`ar	Eva Fosshagen	Lagleiar
J13-14		Christel Grepstad	Lagleiar
2003-2004		Stein Vangsnes	Trenar
		Rune Henjesand	Trenar
		Kitty Krosshaug	Trenar
		Steinar Fredheim	Trenar
		Janne Njøs	Trenar
Små gutter	9`ar	Marianne Husabø	Lagleiar
G13-14	7`ar	Elin Christensen	Lagleiar
2003-2004		Endre Navarsete	Trenar
		Rune Njøs	Trenar
		Astrid A. Hauge	Trenar
Lille jenter	9`ar	Gro Linde	Lagleiar
J12 2005			
J11 2006	7`ar	Siv Jane Tufte Mardal	Lagleiar
		Steinar Henjum	Trenar
		Jan Rune Mardal	Trenar
		Siv Krosshaug	Trenar

Lillegutar	9`ar	Hilde Ruud	Lagleiar
G12	7`ar	Linda Sofie Kannelønning	Lagleiar
2005		Bjørn Orrestad	Trenar
		Geir Christensen	Trenar
		Bjørn Fardal	Trenar
		Christian Kleiven	Trenar
		Rune Barsnes	Trenar
Lillegutar	7`ar	Torill Skårhaug	Lagleiar
		Eva Hamre	Lagleiar
G11		Andreas R. Thue	Trenar
2006		Alf Thorsnes	Trenar
		Roger Gåserud	Trenar
		Ørjan Talle	Trenar
		Kjell Nornes	Trenar
Lillejenter	5'ar	Siri Beate England	Lagleiar
J10		Frode Danielsen	Trenar
2007			
Lillegutar	5'ar	Elin Falkgjerdet	Lagleiar
G10		Lars Ivar Menes	Trenar
2007		Torbjørn Hasund	Trenar
		Olav Eggum	Trenar
Lillegutar	5'ar	Henny-Kristin A. Navarsete	Lagleiar
G9		Rune Stølen	Trenar
2008		Frode Berge Alme	Trenar
Miniputt		Birte Andersen	Lagleiar
J10		Siri Beate England	Lagleiar/trenar
2007		Frode Danielsen	Trenar
G10		Elin Falkgjerdet	Lagleiar
2007		Lars Ivar Menes	Trenar
		Torbjørn Hasund	Trenar
		Olav Eggum	Trenar
J9		Anja Hamre	Lagleiar
2008		Anita Nornes	Trenar
G9		Henny-Kristin A. Navarsete	Lagleiar
2008		Rune Stølen	Trenar
		Frode Berge Alme	Trenar
J8		Ingvild Ramstad	Lagleiar
2009		Siv Jane Tufte Mardal	Trenar
		Kenneth Lomås	Trenar

		Alf Thorsnes	Trenar
G8		Anne Brennset Gjerland	Lagleiar
2009		Steinar Aaland Eggum	Trenar
		Hans Roald Holen	Trenar
		Elin Kvam	Trenar
J7		Kari Ann Norum	Lagleiar
2010		Jan Tore Slinde	Trenar
G7		Dina Lunde	Lagleiar
2010		Tor-Einar Skinlo	Trenar
		Ole Morten Kvam	Trenar
		Anita Nornes	Trenar
		Olav Haugen	Trenar
		Bjørn Orrestad	Trenar
J6		Birte Andersen	Lagleiar/trenar
2011		Anny Mari Berge	Trenar
		Eivind Røysum	Trenar
		Hege-Lill Reksnes	Trenar
G6		Marianne Servold Gåserud	Lagleiar
2011		Arild Haugen	Trenar
		Mariann Fredheim	Trenar
		Jon Amundsen	Trenar

## **Budsjett 2018 – forslag**

### **Budsjettforslag 2018 SYRIL fotball**

Inntekter:	Kiosksalg-billettar	135 000
	Reklame sponsor	15 000
	Kalendarsalg	35 000
	Inntekt turneringar	70 000
	Treningsavgifter	300 000
	Dugnadsinntekt	<u>10 000</u>
	Sum inntekter:	<b><u>565 000</u></b>
Utgifter:	Varekjøp kiosk	25 000
	Lønningar m.bilg.gj.	60 000
	Leige lokaler	15 000
	El.straum	25 000
	Diverse utstyrskostn.	180 000
	Drift vedlikeh.anlegg	30 000
	Utgift turneringar	60 000
	Domarutgifter	60 000
	Møte, kurs oppdatering	15 000
	Drift Syrilbuss	50 000
	Reiseutgifter	5 000
	Kontingent krins, for-bund	60 000
	Forsikring lisensar	20 000
	Andre driftsutgifter	<u>10 000</u>
	SUM UTGIFTER:	<b><u>615 000</u></b>
	<b><u>RESULTAT:</u></b>	<b><u>-50 000</u></b>

*Fotballgruppa har gått med overskot siste 2 åra, Overskotet i 2017 skuldast at kostnad med innkjøp av 3'ar bane (47.000) vart belasta rett over nyttår i 2018 i staden for i 2017. Vi ber difor om å dekke opp kjøpet av denne med overskotet som vart tilbakeført hovudlaget ved nyttår.*

*Inga endring i satsar for treningsavgift frå 2017*

# Årsmelding - handball 2017

Styret har hatt denne samansetninga fram til mai 2017:

Leiar:	Eva Solhaug Fosshagen
Nestleiar:	Steinar Fredheim
Sportsleg leiar:	Pia Hickman
Arrangementsansvarleg:	Linda Fossberg
Materialforvaltar:	Stig Olav Sørum

I tillegg til styret, har handballgruppa:

Dommaransvarleg:	Eva Solhaug Fosshagen
Dugnadsnemnd:	Styret

Frå mai 2017 hadde styret denne samansetninga:

Leiar:	Eva Solhaug Fosshagen
Nestleiar:	Ingeborg Lie Fredheim
Sportsleg leiar:	Pia Hickman
Utdanningskontakt:	Kitty Krosshaug
Arrangementsansvarleg:	Astrid Lernes og Hilde Valvik Menes
Materialforvaltar:	Anne Gjerland

I tillegg til styret, har handballgruppa:

Dommaransvarleg:	Janne Humlestøl Njøs
Dugnadsnemnd:	Styret

Det vart gjennomført evalueringsmøte 11. april. Det vart gjennomført tre styremøte. Vi hadde oppstartsmøte med lagleiarane før sesongen 2017/2018.

## **Sportslege aktivitetar**

Både vår- og haustsesongen 2017 hadde vi 14 aldersbestemte lag og damelaget i 4. divisjon. Haustsesongen var det 118 aktive handballspelarar mot 120 hausten 2016. Barneidretten og handballgruppa har inngått ei «prøveordning» denne sesongen. Det vert eitt tilbod for aldersgruppa 6 – 8 år, der dei fleste treningane vil vere handballfokuserte, men første måndagen i månaden har treninga anna fokus og andre idrettar er gjerne inne. I denne aldersgruppa er det 69 born. Det er handballgruppa som tek inn treningsavgifta frå hausten 2017, og som dekker utgiftene til halleiga.

Vi arrangerte to minihandballturneringar i 2017, ei om våren og ei om hausten.

Sesongen 17/18 stiller Syril og Sogndal med tre aldersbestemte samarbeidslag J13 Syril/Sogndal, J14, Sogndal/Syril, G16 Syril/Sogndal. Det er for få spelarar til at både Syril og Sogndal greier å stille lag i desse årsklassane. Laga trenar ein time i Saften og ein i Sogndal kvar veke. Vi har også samarbeidslag i herre 5. divisjon, men laget er stort sett spelarar frå G16 laget og nokre frå 3. divisjonslaget.

Vi har hatt både jente- og guttespelarar med på SUM og RUM samlingar. I tillegg har det vore eitt nytt prosjekt – Målvaktprosjekt, kartleggingssamling og spissa gruppe i Bergen.

## **Dommarane**

Det er fortsatt stort fokus på å utdanne handballdommarar i region vest. Framleis er det for få dommarar, men situasjonen i Sogn og Fjordane har blitt betre på aldersbestemt handball. Målsettinga i region vest er at det alltid skal vere to dommarar til kvar kamp.

Syril har ikkje hatt nokon på banekampleiarkurs hausten 2017. Vi ønskjer å gje dei dommarane vi har mest mogeleg kamptréning, så difor har vi ikkje utdanna fleire banekampleiarar. Amalie, Trine og Sigurd har teke dommar 1 og kan no dømme J/G14.

Framleis er Amanda, Amalie, Gunvor, Marion, Trine, Amund, Eirik og Sigurd med. Dette lovar godt!

Tusen takk til alle dommarane våre som gjer ein flott jobb. Ingen dommar – ingen kamp!

### **Kiosken**

Under arrangement i Leikangerhallen er det lagt til rette for at kiosken skal kunne tilby eit breiare og sunnare vareutval. Bl.a. er det vidareført dagnaden med å bake opp gjærbakst for sal i kiosken og på dagar med mange kampar vert det selt beger med frukt.

### **Dugnader**

Vi har gjennomført vareteljing på Coop Extra, innhenta premiar og sponsorar til Syrikalendaren og ansvar for grilling under Kjeringi Open.

### **Kurs**

Vi har gjennomført Barnehandballseminar, Trenar 1 modul 1- 4 og Skadeforebygging, samt sekretæratrkurs.

Styret vil takke alle spelarar, trenrarar, lagleiarar og foreldre for god innsats i 2017!

Styret i Syril handball

# ÅRSMELDING BARNEHANDBALL 2017

## Prøveperiode våren

I desember 2016 prøvde vi å finne ut om det var interesse for eit handballtilbod for barn i 1.-3. klasse, med mål om å ev. starte opp i januar 2017. Det vart meldt på omlag 60 barn, og tilboden starta opp og gjekk ein halv sesong. Dette er fyrste året med heil sesong; frå haustferie 2017 til påskeferie 2018. Juniorkontakt har fått klare tilbakemeldingar på at dette er eit tilbod barn og foreldre set pris på og gjerne vil skal fortsetje.

## Hausten

Rekruttering av ungdommar og barn

For at barnehandballen skal fungere etter læring gjennom "ung-til-ung"-prinsippet, er vi avhengig av at ungdommar stiller som instruktørar. 9 flotte ungdommar tok på seg trenaransvaret, og desse vart fordelt slik:

- 1.klasse: Amanda Skarsbø Opthun og Amalie Dimmen Henjum
- 2.klasse: Ida Bruheim Borlaug, Vilde Oppedal Jacobsen og Oline Flatabø Kleiven
- 3.klasse: Hanna Krosshaug og Amalie Wathne Nedrehagen for jentene,  
Mathias Fossberg og Siv Hickman for gutane

Barnehandballen starta opp 16.10. I forkant hadde alle barna fått infoskriv/ranselpost på skulen, der det vart opplyst om handballtilbod i Syril. 69 barn har vore aktive i barnehandballen hausten 2017.

- 1.klasse: 19 barn
- 2.klasse: 22 barn
- 3.klasse: 17 jenter og 11 gutter

## Kommunikasjon og ansvar

Foreldregruppene treng informasjon underveis, særskilt i oppstartsfasen. Denne informasjonen har juniorkontakt teke i byrjinga, men underveis vart det oppretta ei ny rolle; foreldrekontaktar. Juniorkontakt ringte rundt til foreldra, og rekrutterte foreldre som var villige til å ta ansvar i høve kommunikasjon og formidling av informasjon vidare ut i sine foreldregrupper. Dette letta på arbeidsmengda hjå juniorkontakt, og blir anbefalt i vidare arbeid med barnehandballen. Desse 6 foreldra har hatt/har ansvar sesongen 2017/2018:

- 1.klasse: Hege-Lill Reksnes og Mari Fykse
- 2.klasse: Stine Mundal Aase og Eva Nesse
- 3.klasse: Helga-Maj Myren og Elin Borlaug Hauge

Foreldrekontaktane har teke seg av arbeidet med å skaffe vikar for ungdommane når dei ikkje har hatt høve til å møte på treningane. I tillegg har dei sytt for at dei unge trenarane har hatt tilgang på vaksenhjelp under treningane. Dei 6 foreldrekontaktane gjer ein god jobb, og er til stor hjelp.

## Samarbeid med Barneidretten

Juniorkontakt i handballgruppa laga eit forslag til fordeling av treningstider, og barneidretten v/Anita Instefjord godkjende oppsettet før det vart distribuert til foreldre og trenrarar. Ho ga også samtykkje til at dei som vart verva som foreldrekontaktar i Barnehandballen ikkje skulle stå på trenarlista for barneidretten. Samarbeidet har gått fint, og den allsidige aktiviteten det i samarbeid vert lagt opp til gagnar idrettsgleda. Barnehandballen får låne utstyr frå Barneidretten.

#### Trenarkurs

Dei nye trenarane og juniorkontakt deltok på trenarkurs i regi av Norges håndballforbund i Sogndal 9.11.2017. Fokus her var allsidigheit, meistring og idrettsglede. Det vart synt gode øvingar og smarte måtar å trene basisferdigheiter.

#### Om tilbodet

Det har vore godt oppmøte på treningane, og barna er ivrige og energiske. Innhaldet i treningane har vorte justert etterkvar som instruktørane har sett kva som bur i dei ulike barnegruppene.

Juniorkontakt har fått mange gode tilbakemeldingar frå barn og foreldre, og tilbodet vert satt stor pris på. All ære til dei flotte ungdommane!

Juniorkontakt Lillian Bruheim

## ÅRSMELDING 2017- JENTER FØDD 2008

Vi starta opp med handballtreningane etter haustferien, og har hatt treningar måndagar kl. 17 i Saften. Det har vore 8 jenter med sidan starten. Jentene er ein ivrig gjeng som vil mykje, og er aktive på trening. Ungdomane som er trenarar har fungert godt. Vi har arrangert og delteke på ei minihandballturnering i Saften i haust. I tillegg har alle 8 jentene vore med på ei turnering i Gaupne. Jentene hadde det veldig kjekt på turneringane. Speleglede er i sentrum på kampar og på trening.

Spelarar: Elinde N Røen, Carina Norum Husabø, Emilie Havnen Borlaug, Celina Fimreite, Maja Hamre, Mari Skinlo, Vilde Pontoppidan Kviberg og Anikken Nornes

Trenarar: Andrine Nordnes og Andrea Langeteig  
Lagleiar: Linda F. Skinlo

## ÅRSMELDING 2017- GUTAR FØDD 2008

Vi startet opp i høst med 7 friske og raske gutter.

Vi har hatt en turneringen på hjemmebane og skal til Vik 21 januar 2018.

Guttene viser stor spilleglede og har hatt en fin prosesjon. Trenerene har en god kjemi med guttene og er godt likt.

Spelarar: Jakob Pontoppidan Kviberg, Eivind Fidjestøl, Gard Halset Mathisen, Leon Bäckstrøm Vikdal, Mathias Klingenberg Vee, Tarjei Ulveseth Odd og Jonas Breidvik Linde

Trenere: Sigurd Myklebust og Eirik Njøs Mardal  
Lagleder: Asbjørn Johan Mathisen

## ÅRSMELDING 2017- JENTER FØDD 2007

#### Våren

Me starta opp treningane på nyåret 4. januar. Me deltok på tre turneringar, der me var vertskap for den eine. Me har ei god foreldregruppe som stiller opp på treningar, kampar, turneringar og dugnader.

**Spelarar:** Ingrid Husum, Janne Olsmo Oen, Emilie Sørum, Sanne stadheim, Anna England Husum, Kathlen Fossberg, Elise Karine Lunde, Åsne Gjengedal, Sarah Danielsen, Tuva Husabø Ese, Jessica Norstein Prince, Andrea Sælid Njøs og Guro Instefjord Brekken

**Trenarar:** Siri Beate England og Kathrine Sørum  
**Lagleiar:** Anita Instefjord

### **Hausten**

Jente 10 starta opp med handballtreningane 21. september, og har hatt treningar torsdag klokka 17 - 18 i Saften. 12 jenter var med frå starten. Etter kort tid vart ei jente til med. Jentene er ivrige og alle 13 er fortsatt med. Det er meldt på to lag. Dette medfører mykje speletid for jentene ved kampar. Dette er motiverande og ein ser at dei torer meir og meir. Jente – 10 har arrangert turnering i Saften i oktober. I slutten av november var laget med på turnering i Sogndal. Laga er ulike for kvar kampdag. Jentene gjer det godt i kampar.

**Spelarar:** Ingrid Husum, Janne Olsmo Oen, Emilie Sørum, Sanne stadheim, Anna England Husum, Kathlen Fossberg, Elise Karine Lunde, Åsne Gjengedal, Sarah Danielsen, Tuva Husabø Ese, Jessica Norstein Prince, Andrea Sælid Njøs og Jennifer Kjørlaug

**Trenarar:** Siri Beate England og Kathrine Sørum  
**Lagleiar:** Margrete Ølmheim Husum

## **ÅRSMELDING 2017- GUTAR FØDD 2007**

### **Våren**

Gutane deltok på 3 minihandballturneringar vinteren 2017. I januar arrangerte vi turnering i Saften, elles var vi til Gaupne og Sogndal. Det er alltid kjekt å delta på turneringar og spele mot andre lag. Vi var så heldige at vi fekk ha med to elevar frå Leikanger ungdomsskule som trenarar store delar av vårsesongen, som del av «Innsats for andre». Det var veldig nyttig og lærerikt for alle. Tusen takk til Jessica og Belinda!

### **Hausten**

I haust har vi starta med speling på heil handballbane, og det går veldig bra. Det er trenings ein dag i veka. Alle gutane i 5.klasse er med ☺.Vi har flinke og ivrige trenarar. I løpet av hausten har vi spelt kampar i Saften og på Årdalstangen. Vi har og spelt treningskamp mot G11. Gutane syner stor speglede, fint samspele og har ei fin utvikling. Dette ser lovande ut. Handball er kjekt!

**Spelarar:** Endre Njøs Verlo, Erlend Valivik Menes, Johan Felde Hasund, Erlend Ølnes Hamre, Even Gjerde, Jørgen Njøs, Vegard Nesse Lernes, Alexander Diaz Eggum, Nikolay Einarsen og Olve Nesse Takle

**Trenarar:** Maj-Sissel Ølnes, Ingvill Njøs og Camilla Njøs  
**Lagleiar:** Torill Felde



Lagbilde G10, frå turneringa i Saften



Turnering i Gaupne, «oppvarming»

## **ÅRSMELDING 2017- JENTER FØDD 2006**

Me er 12 spelarar og spelt med to lag. Vi har ei som har spelt med dispensasjon, det har fungert fint. Ingen har falt frå i løpet av våren 17 og hausten 17.

### **Våren**

Vi startar opp i januar med forespørsel frå J11 ( 05) om hospitering med J10 (06). Det var berre to jenter som ønskte å vere med på hospiterings treninga.

Me hadde tre helgar frå januar-mars der me spelte 4 kampar pr. dag, der vart det både seier og tap.

G10 opna opp for frivillig trening på fredagane, der både jenter og gutter kunne komme. Veldig positivt og godt samarbeid.

Veldig bra at både trenarane og lagleiarane fekk HRL- kurs.

Kjekt med felles avslutning.

### **Hausten**

Fungerer fint med hospitering med J12 og hospitering med J10, godt samarbeid.

På hospiteringen opp til J12 er det berre 2-3 J11 spelarar som har ønskt å vere med dei på treningar/kampar.

Det er berre ei jente på J10 som ynskjer å hopitere opp til J11. Ho har fått tilbod om å vere med oss på treningar og kampar.

Vi har hatt litt for tette kampar, med tanke på at vi stiller med antilag.

Greitt tidspunkt med treningstidene.

Generelt om våren 16/17 og hausten17/18

På treningane har me hatt fokus på å leike med ball, ballkontroll, skytetrening, forsvarstrening, me får ikkje mål utan at vi prøver å skyte, snakke fint til kvarandre og ta vare på kvarandre. Alle skal spele like mykje.

Jentene får ynskje om kvar dei har lyst til å spele når det er kamp, på den måten får dei prøve å spele på forskjellige plassar.

Jentene har hatt god innsats, motivasjon og det er godt oppmøte på treningane. Fine resultat har det vore på kampane.

Det har vore godt samarbeid med foreldrene.

**Spelarar:** Agate Røen, Andrea Krosshaug Kvam, Eline Dimmen Henjum, Elise Tufte Mardal, Katja Chido Kugwa, Linnea Christensen Sjøthun, Live Åsnes Skjerdal, Maria Saltnes Slinde, Ragnhild Mellingen, Shayma Almansour, Tuva Ylvisåker von Porat og Vilde Strong Linde

**Trenrarar:** Evelyn Saltnes Slinde og Elin Christensen

**Lagleiar:** Siv Krosshaug

## ÅRSMELDING 2017- GUTAR FØDD 2006

### Våren

Gutar f. 2006 har i 2016/2017 hatt med seg tre spelalarar f. 2005 då gutar f. 2005 ikkje klarte å stille lag. Til saman har dei vore 18 stk. I løpet av haustsesongen var det ein som har trekt seg på grunn av betennelse i ein fot. Det er no 14 spelalarar f. 2006 og 3 spelalarar f. 2005, vi har 2 lag.

Det at vi har vore så mange har vore ei utfordring plassmessig i hallen då vi deler hall med jenter f. 2006. Vi fekk tildelt ekstra treningsstilbud på fredag kl. 16-17, og ville dele denne treningsstida med jenter f. 2006 slik at vi kunne ha heil hall annakvar gong. Dette takka dei nei til på grunn av utfordringar med fri frå jobb. Vi har nytta fredagen som eit frivillig ekstra treningsstilbud og det er gode treningar dei dagane, spesielt etter nyttår då vi har fått nytta heile hallen. Det er fire trenrarar og ei av trenarane har teke ansvar for å planlegge godt før kvar trening. Det er gode treningar og gutane veit kva dei skal gjere og kjenner att øvingane. Stabilt oppmøte gjennom heile 2016/2017.

Gutane spelar kamp mot Vik, Årdalstangen/Jotun, Bjørn og Aurland. Det er nokre vinn, uavgjort og tap. Vi ser at gutane utviklar seg flott og får til fint spel. Speleglede både i kamp og på trening. Alle har blitt gode på å ta ansvar for å skyte på mål og dei står flott i forsvar.

Takk til spelalarar, trenrarar og foreldre for ein flott sesong!

**Spelalarar:** Kent Slinde Thorsnes, Andreas Borlaug Hauge, Tore Hamre Nornes, Vegard Olsmo Oen, Sondre Ramstad Os, Aksel Aaland Eggum, Trygve Flaten, Even Skårhaug Talle, Stian Strong Skårhaug, Anders Martinius Eken Bø, Sigurd Ylvason Hodnesdal, Adrian Nornes, Sondre Farstad Skagen, Einar Servold Gåserud, Patrik Orrestad (2005), Nickolas Fossberg (2005), Jim Slinde Thorsnes (2005)

**Trenrarar:** Ingvild Ramstad, Andreas Thue, Siv Anette Slinde Thorsnes og Anita Nornes.

**Lagleiar:** Elin Borlaug Hauge

### Hausten

Gutar f. 2006 har hausten 2017 hatt med seg tre spelalarar f. 2005 då gutar f. 2005 ikkje klarte å stille lag. Det er dei same som var med i fjor. Til saman har dei vore 17 stk., 14 spelalarar f. 2006 og 3 spelalarar f. 2005, vi har 2 lag.

I år har vi heil hall to gonger i veka, onsdag og fredag kl. 16-17. Det er tre trenrarar og ei av trenarane har teke ansvar for å planlegge gode treningsøkter. Då vi er ei stor gruppe må det vere tre trenrarar på kvar trening. Ei av trenarane har ikkje mykje erfaring og syns det er vanskeleg å ta styringa på trening. Ein har vore mykje sjuk i tillegg til andre verv. Vi har fått med oss ei ekstra trenar, det har veksla mellom to av foreldra (ei 2005 og ei 2006 forelder). Resultatet er betre treningar og gutane held betre fokus. Stabilt oppmøte gjennom heile hausten.

Gutane spelar kamp mot Vik og Aurland, i tillegg har vi vore ei helg i Førde og spelt mot Eid, Sandane og Stryn. Merkar at gutane syns det er kjekt å møte andre lag enn Vik og Aurland. Det er nokre vinn, uavgjort og tap. Vi ser at gutane utviklar seg flott og får til

fint spel, alle har blitt gode på å ta ansvar for å skyte på mål og dei står flott i forsvar. Speleglede både i kamp og på trening.

Takk til spelarar, trenarar og foreldre for ein flott haustsesong!

**Spelarane:** Kent Slinde Thorsnes, Andreas Borlaug Hauge, Tore Hamre Nornes, Vegard Olsmo Oen, Sondre Ramstad Os, Aksel Aaland Eggum, Trygve Flaten, Even Skårahaug Talle, Stian Strong Skårahaug, Anders Martinius Eken Bø, Sigurd Ylvason Hodnesdal, Adrian Nornes, Sondre Farstad Skagen, Sondre Hauso, Patrik Orrestad (2005), Nickolas Fossberg (2005), Jim Slinde Thorsnes (2005)

**Trenarar:** Ingvild Ramstad, Andreas Thue, Siv Anette Slinde Thorsnes. I tillegg har Lene Borlaug og Runa Aaland Eggum hjelpt til på trening.

**Lagleiar:** Elin Borlaug Hauge

## Årsmelding 2017 – jenter fødd 2005

### Våren

Vi har våren 2017 gjennomført 8 kampar fordelt på 4 helgar:

8. januar hadde vi heimekampar i Leikangerhallen og spela mot Sogndal og Jotun. Det var ein dag med heile 7 J11 kampar i hallen, der Syril, Sogndal, Bjørn og Vik var samla.

22. januar var vi til Aurland og spela to kampar mot Bjørn.

11. februar var vi til Vik og spela to kampar mot dei.

19. mars var vi til Gaupne og spela mot Bjørn og Sogndal.

Jentene har vore engasjerte i handballen og trivst godt på bana. Det har vore godt oppmøte på både trening og kampar. Vi har hatt deler av treninga vår saman med J12 slik at vi har fått til litt speleøkter, veldig kjekt og positivt for våre jenter. Vi har fått noko hjelp frå J10 på nokre kampar, dei har også delteke på treningar saman med oss.

Fredag 31. mars deltok alle på handballfesten i Leikangerhallen, det var veldig kjekt!

Helga 28.-30. april var Pia Hickman med nokre av jentene på Vestkystcup. Vi måtte melde på lag saman med J12 sidan vi ikkje hadde nok jenter til å stille eige lag. Marte, Rebekka, Anja og Live H. var med.

**Spelarar:** Anja Elisabeth Hickman, Anita Strong Skårahaug, Live Randen Fardal, Live Holen, Kristin Husum, Rebekka Felde Liljedal, Marte Linde Røyseth, Vilde Kristin Sæterbø

**Trenarar:** Ivar Husum og Terje Fardal

**Lagleiar:** Camilla Navarsete Holen

### Hausten

Vi har hausten 2017 gjennomført 8 kampar fordelt på 4 helgar og 2 onsdagar.

30. september var vi til Høyanger og spela ein kamp mot dei.

22. oktober var vi til både Aurland og Årdal og spelte kamp. Litt travelt å reise to plassar på ein dag, men det gjekk.

5. november var vi til både Fjaler og Gauldalen for å spela kamp.

12. november hadde vi ein heimekamp mot Jotun.

Onsdag 29. november og 6. desember hadde vi bortekampar mot Sogndal.

Jentene har vore engasjert i handballen og trivst godt på bana. Det har vore godt oppmøte på både trening og kampar. Vi har hatt to trening i veka denne hausten og

jentene har ikke delteke på hospitering gjennom trening. Anja, Marte og Live har hospitert litt på kampar med J13.  
Denne hausten har vi hatt felles trening saman med J11 og det er positivt for oss slik at vi får til litt speletrening også. Vi har hatt med oss hjelp frå J11 på kvar kamp, dette har rullert på Maria, Elise og Shayma.

**Spelarar:** Anja Elisabeth Hickman, Anita Strong Skårhaug, Live Randen Fardal, Live Holen, Kristin Husum, Rebekka Felde Liljedal, Marte Linde Røyseth, Vilde Kristin Sæterbø

**Trenarar:** Ivar Husum, Pia Hickman og Terje Hovland Fardal  
**Lagleiar:** Camilla Navarsete Holen

## Årsmelding 2017 – jenter fødd 2004

### Våren

Det var 8 spelarar og 1 lag i serien. Laget hadde 2 treningar per veke og spelte til saman 5 kampar over 5 kampdagar – av desse 2 kampar i Leikangerhallen. Laget var i pulje med Dale, Førde, Høyang, Vik og Gaular.

Laget deltok saman med jenter f. 2005 (4 spelarar) med to lag på Vestkyst cup helga 28.-30. april - ei kjekk helg både sportsleg og sosialt!

### Hausten

Sesongen 2017/2018 hadde jenter f. 2004 samarbeidslag med Sogndal handball (Syril/Sogndal jenter 13), med 11 spelarar frå Syril og 3 spelarar frå Sogndal. Laget hadde 2 treningar pr. veke; 1 i Sogndal Idrettshall og 1 i Leikangerhallen. Laget hadde treningar og trenrarar felles med samarbeidslaget Sogndal/Syril J14.

Hausten 2017 spelte Syril/Sogndal 10 kampar over 5 kampdagar – av desse 2 kampar i Leikangerhallen og 2 kampar i Sogndal Idrettshall. Laget var i pulje med Florø, Florø 2, Dale, Vik, Gaular, Høyang.

Laget har heile året hatt godt oppmøte både på trening og på kamp og spelarane har hatt svært god utvikling både individuelt og som lag. Som ein del av hospiteringsordninga for Syril og Sogndal handball har fleire spelarar delteke på kamp med J14.

Foreldra har vore med på dugnad ved å bake og stille opp som sjåførar, kioskvakter og sekretariat. I tillegg har nokre foreldre stilt opp på dugnad med vareteljing.

Takk til spelarar, trenrarar og foreldre for flott innsats gjennom sesongen!!

**Spelarar:** Doaa Almansour, Ingeborg Knudsen Berg, Ingrid Marie Bergheim, Kristin Fredheim, Kari Gjengedal, Ingrid Hovlid, Pia Krosshaug, Ingrid Molvær, Beate Humlestøl Njøs, Anna Grepstad Røysum (hausten 2017), Sarah Grepstad Røysum (hausten 2017), Vilde Sørum, Cassandra Våtevik, Oda Ligtvor Tufte

**Trenarar:** Camilla Irgens og Martine Westlie, Tell (hovudtrenarar trening), Inger-Lise Knudsen og Kitty Krosshaug (hovudtrenarar kamp)  
**Lagleiar:** Ingeborg Lie Fredheim



## Årsmelding 2017 – jenter fødd 2002 og 2003

### Våren

Jentene har god innstilling og godt humør og alle bidreg til god og positiv lagånd. Nokre av jentene har spelt handball i fleire år, medan andre er nye i sporten i 2016/17 sesongen.

Laget hadde treningar to gonger i veka saman med J15, mandag og torsdag kl. 19.00 – 20.00 frå januar til medio mars. Jentene møtte kl. 18.45 til oppvarming, og avslutta med styrketrening 20.00 – 20.15. Fellestreningar med andre årstrinn gjer at det er nok spelarar til å få til gode treningsøkter, også med kampspel. Nokre J12-jenter hospiterte på J14/J15 treningane våre.

Frå midten av mars hadde laget ei trening i veka, onsdagar kl. 18.45 – 20.15 åleine. Siste trening i vårsesongen var 26. april.

### Trening med regional trenar

Torsdag 30. mars kl. 18.00 – 20.00 vart det gjennomført ei treningsøkt med regional trenar, Andreas Ellingsen. Vi sendte inn ein søknad til regionen og spelte inn ønske om prioritet på angrep og avslutningar. J15 og G16 vart invitert med på treninga. Det vart ei kjekk økt med grunnleggande angrepstrening, fleire nye øvingar og med høg og god intensitet. Målet var å gi jentene ekstra motivasjon og inspirasjon til å fortsette med handball også neste sesong.

I 2016/17 sesongen var vi i serie med følgjande lag: Bjørn, Eid, Florø 1, Florø 2, Førde, Gloppen, Jotun/Årdalstangen, Høyang, Vik. Det vart spelt enkel serie.

I vårsesongen spelte vi 4 kampar i serien. Dei vart spelt 15. januar mot Vik borte, 25. januar mot Jotun/Årdalstangen borte og 19. mars mot Florø heime.



Frå kamp i Vik som enda 18-14 til heimelaget. Syril med mange på scoringslista og godt forsvarsspel. Linda debuterte i mål.

Bilde frå kamp på Årdalstangen. Kampen enda 13-7 til heimelaget.



Blide jenter og trenarar klare til kamp mot Florø 1 og Florø 2 i Saften. Den første kampen enda 4-17 til Florø, medan Syril ga Florø god motstand i kamp nr. 2 denne dagen, som enda 13-16 til Florø.

J12 har hospitert på nokre av kampane våre. I tillegg har fleire av J14-jentene hospitert opp til J15 på fleire av deira kampar. Stor takk til J12 som bidrog med spelarar på kampane våre. Det var også kjekt for oss å vere med dei eldre.

#### Sluttspel

I tillegg til seriespel vart det spelt sluttspel for å avgjere endeleg tabellrekkefølge.

Sluttspillet vart gjennomført 2. april på Sandane. Det vart spelt to kampar.

Laget enda nedst på tabellen, men humøret var på plass, og jentene har hatt utvikling både individuelt og som lag i løpet av sesongen. Både fotograf, dommarar og sekretariat ga skryt til haldningane til jentene og meinte at andre har noko å lære.  
Godt levert jenter!

Spelarar: Synnøve Fosshagen, Runa Fondenes Vangsnes, Silje Lunde Nesdal, Karoline Ølnes Hamre, Oline Flatabø Kleiven, Malin Thorsnes, Ida Marie Bruheim Borlaug, Veronica Borlaug, Vilde Oppedal Jacobsen, Sabrin Batal og Linda Almansour



Trenarar: Maj-Sissel Ølnes og Lillian Bruheim

Lagleiar: Merete Lunde

#### Hausten

Sesongen 17/18 har det vore samarbeidslag med Sogndal, Sogndal/Syri. Det er ein spelar frå Syri og fem frå Sogndal. Det har vore med 3-4 spelarar frå J13 på kvar kamp.

Har vore fellestreing med J13, ein time i Sogndal og ein time i Leikangerhallen pr. veke. Alle heimekampar har vore spelt i Sogndal.

Trenarar: Camilla Irgens og Martine Westlie Tell

Lagleiar: Tordis Ospeseter

## Årsmelding 2017 - jenter fødd 2001 og 2002

#### Våren

Med 9 spelarar har vi vore litt sårbare i kampsituasjon, men vi har hatt godt samarbeid med trenarane til 02 kullet, og lånt spelarar av dei ved behov. Nokre gonger lånte vi også med oss 03 spelarar.

Janne Humlestøl var åleine som trenar på våren då Geir Aase vart sjuk. Lene Borlaug steppa inn som trenar ved behov, elles har vi hatt god hjelp av Sogndal, som ein periode har delt hall med oss.

Vi har hatt 6 spelarar som har nytta seg av tilbod om å hospitere med 00 kullet. Det er Synne Gjerde, Marion Borlaug Orrestad, Gunvor Hamre Nornes, Andrine Nornes, Trine Humlestøl Njøs og Amanda Skarsbø Ophun.

Sesongen vart avslutta med Rose Cup i Molde siste helga i april. Janne Humlestøl og Eva Hamre reiste med jentene, då Lene Borlaug ikkje hadde høve til å vere med. Laget enda opp med ein 3.plass.

**Spelarar:** Andrine Nornes, Amanda Skarsbø Ophun, Marion Borlaug Orrestad, Trine Humlestøl Njøs, Gunvor Hamre Nornes, Amalie Dimmen Henjum, Therese Foss Johannesen, Andrea Langeteig, Synne Gjerde

**Trenar:** Janne Humlestøl

**Lagleiar:** Lene Borlaug

### **Hausten**

Jenter f. 2001 og 2002 har i haust vore totalt 13 spelarar, 9 av dei er 2001 og 4 stk. er 2002, der vi har eit påmeldt lag i serien. I tillegg har ei frå 2003, Synnøve Fosshagen, som har spelt nokre kampar og trena litt med oss. Laget har spelt 6 kampar i haust der 3 av desse i Leikangerhallen.

I haust er Syril i pulje med Eid, Florø 2, Sogndal, Stryn, Gloppen, Høyanger, Skavøypollen og Førde.

Laget har hatt to til tre treningar i veka i Leikangerhallen, og har hatt godt og stabilt oppmøte på trening og på kamp. Spelarane har hatt ei god utvikling, god kampvilje, og viser stor vilje for å utvikla seg enda meir.

Vi har nytta Syribussen to gonger denne hausten, ein gong hadde vi privatbilar. Foreldra er flinke til å stille opp både når vi må køyra, baka, sitja i sekretariat, stå i kiosken eller vera vakt.

Vi er så heldig som har fått inn ny trenar frå Bergen som heiter Cecilie Knappskog, som bidreg mykje på treningane til jentene. Kjempeflott og vi set stor pris på den jobben ho gjer for jentene våre.

**Spelarar:** Therese Foss Johannesen, Andréa Langeteig, Andrine Elenni Nornes, Amalie Dimmen Henjum, Gunvor Hamre Nornes, Amanda Ophun Skarsbø, Trine Humlestøl Njøs, Marion Borlaug Orrestad, Synne Gjerde, Vilde Jacobsen Oppedal, Oline Flatabø, Veronica Borlaug og Ida Maria Bruheim Borlaug

**Trenar:** Cecilie Knappskog og Lillian Bruheim

**Lagleiar:** Eva Hamre

## Årsmelding 2017 – Gutar 16

### Våren

G16-spelarane kan hospitera på dametreningane, på J16-treningane og på nokre treningar til Sogndal herrelag.

G16 har i 2017 hatt to treningar à 1 time pr. veke. Godt oppmøte og god stemning både på trening og på kamp. Ein treningsvillig gjeng. Dei har også i 2017 hatt god utvikling.

Seks gutar har delteke på rum (regionalt utviklingsmiljø):

Kristian, Mathias F, Amund, Joakim, Sigurd My, Mathias BV.

Mathias BV har også delteke på kartleggingssamling i Gaula.

Laget har ei lukka Facebook-gruppe som vert nytta til all informasjon om kamp og trening oa. Alle spelarane, trenarane, lagleiar, sportsleg leiar og dei foreldre som ynskjer, er medlem i gruppa. Trenrarar og lagleiar har også eiga lukka facebook-gruppe.

Beach handballturnering i juni 2017:

Ein veldig kjekk dag på Byrkjelo. I forkant har vi trena ute på sandvolleybana på Leikanger ungdomsskule. Siv Hickman stilte sporty opp og var med på laget.

Rose Cup i Molde i april 2017:

Gutane fekk ein god cup-oppleveling med gode kampar (og sure tap). Vi budde i klasserom og åt alle måltid i fellesskap. Takk til Eva Fosshagen som stilte som sjåfør på Syril-bussen.

Ein flott gjeng å reise på tur med, og ein fin cup å reiser på. Vart ein veldig bra avslutning med gjengen frå Syril.



Spelarar:

G16-laget har i 2017-vårsesongen bestått av:

- 2 gutar fødd 2000
- 9 gutar fødd 2001

- 1 gut fødd 2002
- 1 gut fødd 2003

Kristian Nesse Slinde, Alexander Nornes, Mathias Fossberg, Ingemår Fosshagen, Eirik Njøs Mardal, Sigurd Mellingen, Joakim Solheim, Brede Nes, Amund Bäckström Vikdal, Sigurd Myklebust, Martin Strømseng Ophun, Per Bjørk og Mathias Bäckström Vikdal

Trenarar: Ingvill Njøs og Tor-Einar H. Skinlo

Hjelpetrenar: Daniel Fossberg

Lagleiar: Siw Heidi Bäckström

## **Hausten**

Vi dannar samarbeidslaget Syril/Sogndal G16 og Sogndal/Sybil 2 herre 5 div.

G16 har ein trening i Saften i Leikanger og ein trening i Idrettshallen i Sogndal pr. veke. Dei har i tillegg tilbod om trening med herrelaget (3 div.) to gonger i veka i Sogndal.

Puljen består av Gloppen, Gloppen 2, Gloppen 3, Florø og Syril/Sogndal.

Spelar trippel serie.

Laget spelar heimekampane sine annakvar gang i Leikanger og i Sogndal. Same gjeld drakter, annakvar gule og kvite drakter.

Rum (regionalt utviklingsmiljø) i Sandane og Florø:

Sigurd Myklebust, Amund Bäckström Vikdal, Mathias Fossberg, Øyvind Randmo, Jon Foss, Mathias Bäckström Vikdal.

Spissa-gruppe i Bergen:

Mathias Bäckström Vikdal.

Ålesund cup:

For å få ein god start på samarbeidet og for å bli godt kjent, tok vi med gutane til Ålesund på cup i oktober 2017. Det vart ein vellukka tur. Første tapet til laget kom i finalen, der Syril/Sogndal tapte med to mål for Langevåg. Vi fekk ein flott 2. plass vi kan vere stolte av.

Spelarar: Eirik Njøs Mardal, Sigurd Mellingen, Amund Bäckström Vikdal, Sigurd Myklebust, Mathias Fossberg (melder overgang til Sogndal) og Mathias Bäckström Vikdal, Syril

Øyvind Randmo, Iver Grefsnes, Heine B. Kjønås, Øyvind Randmo, Herman Hovland, Jon Foss og Steggen Heggen Starheim, Sogndal

Når gutane fyller 16 år spelar dei også på herre 5. div.

Trenarar: Flemming Lexander, Johann Eikeland, Knut Adolfsson og Ingvill Njøs

Lagleiarar: Torunn Borlaug og Siw Heidi Bäckström



## Årsmelding 2017 – jenter fødd 2000

### Våren

Jenter f. 2000 hadde også våren 2017 samarbeidslag, Syril /Sogndal J16, med 9 spelalarar frå Syril og 4 frå Sogndal. Trenarane for laga frå Syril og Sogndal har samarbeidd om trenarvervet for laget.

Våren 2017 spelte laget 5 kampar over 4 kampdagar. 3 av kampane var i Leikangerhallen. Laget var i pulje med Eid, Stryn og Gloppen. Det hadde vore ønskjeleg med fleire lag i pulja.

Laget hadde med 2001-spelalarar på dei fleste kampar, då dei mangla keeper på 16-årsLAGET.

Laget hadde to treningar per veke i Leikangerhallen, og hadde heile året godt og stabilt oppmøte både på trening og på kamp. I treningstida delte laget hallen med gutar 16, og hadde felles speleøkter. Spelarane viste også dette året stor kampvilje og hadde god utvikling både individuelt og som lag.

Som ein del av hospiteringsordninga vart det heile året lagt til rette for at spelalarar frå årsklassen under som ønskte å hospitere opp ein årsklasse kunne vere med på trening med laget. 6 syriljenter og 4 sogndalsjenter nytta seg av dette tilbodet. Nokre av spelarane f. 2000 og 2001 har delteke fast på trening og/eller kamp med damelaget, og 2 jenter har vore med på trening og kamp med G16.

Laget deltok på Peter Wessel Cup i Larvik 24.-26. februar 2017. Dette var ei super helg både sportsleg og sosialt!

Laget nytta Syribuss og privatbilar til bortekampane og Syribuss til cupen.

Foreldra har vore med på dugnad ved å bake og stille opp som sjåførar, kioskvakter og sekretariat. Nokre foreldre har i tillegg stilt opp på dugnad med vareteljing.

Takk til spelalarar, trenarar og foreldre for flott innsats gjennom sesongen!! Ei ekstra takk til Pia som har vore trenar for Syril sine 2000-jenter heilt sidan oppstarten hausten 2009!

Spelalarar: Margrete M. Breisnes, Sigrid Foss, Julianne Fossberg, Maria Fosshagen, Johanne Fredheim, Malin Ness Frækaland, Siv Hickman, Malin Killingrød,

Hanna Krosshaug, Nicolina Lunde, Sofie Årdal Myhre, Amalie Wathne  
Nedrehagen, Malin Heggestad Reksnes.

Trenarar: Pia Hickman og Ole Kristian Gjerstad  
Lagleiar: Ingeborg Lie Fredheim



## Årsmelding 2017 Syril handball kvinner

### Våren

Damelaget spelte i 4.divisjon. Etter endt vårsesong kom laget på 6. plass i serien.  
Syril spelte i serie med: Sogndal, Sogndal 2, Jotun, Florø 2, Vik, Førde 2, Bjørn, Eid og Aurland.

I vårsesongen har trenaransvaret vore fordelt på alle spelarane. Mari og Cecilie har hatt hovudansvaret, men kvar einskild spelar har hatt ansvar for gjennomføring av treningane.

Damelaget har delteke på vareteljing på Coop Extra. Og hatt ansvar for grilling og sal på Kjerringi Open.

Laget vil og takke alle som stiller opp og hjelper til ved arrangement på heimekampane til laget. Dina, Inger Lise, Inger og Ingvill i sekretariatet. Ole Simen og Tore som speaker, Jørn med musikk, og Barbro som stiller i kiosken. Tusen takk for innsatsen.

Spelarstall: Pia Hickman, Cecilie Njøs, Sigrun Espe, Siv Jane Tufte Mardal, Mari Fykse, Janne Humlestøl Njøs, Siri Fossøy, Ida Bjørk, Ane Bjørk, Kristine Linde Røyseth, Siv Hickman, Amalie Wathne Nedrehagen, Heidi Askestad og Johanne Fredheim. I tillegg har Hanna Krosshaug og Trine Humlestøl Njøs spelt nokre kamper for damelaget.

Lagleiar: Birte Andersen

## **Hausten**

Damelaget spelar framleis i 4. divisjon og halvvegs gjennom sesongen ligg Syril på 7. plass.

I år spelar damelaget mot: Sogndal, Høyang, Jotun/Årdalstangen, Florø 2, Vik, Sogndal 2, Gloppe 2, Eid og Førde 2. Bjørn og Aurland trekte laga sine. Då Bjørn trekte laget sitt, var me heldige å få to spelarar frå Gaupne. Vi har også ein frå Sogndal med i stallen.

Årets lag har vore gjennom eit lite generasjonsskifte og består av mange nye og unge spelarar. Målet vårt i årets sesong har difor endra seg frå tidlegare sesongar, og målet har ikkje vore å komme høgast på tabellen, men å bli kjende med nivået i seniorklassen, bli kjende med kvarandre og å bygge eit sterkt samhald på laget. Dette har vi så langt lykkast godt med.

Vi er prislitt dei gode hjelparane rundt laget, og vi vil gjerne trekke fram Marianne Husabø, Inger Ness og Ole Simen Nesdal i sekretariatet, og Barbro Ness i kiosken. Tusen takk for innsatsen!

**Spelarar:** Ane Bjørk, Ida Bjørk, Frida Moen Bruflat, Siri Fossøy, Johanne Fredheim, Mari Fykse, Pia Hickman, Siv Reagan Hickman, Amalie Wathne Nedrehagen, Janne Humlestøl Njøs, Kristine Linde Røyseth, Lene Teigen og Ingelin Veum

**Trenar:** Geir Johan Aase  
**Lagleiar:** Erianne Eggum

# ÅRSmelding- BARNEIDRETT 2017

På barneidretten er det lagt opp til at born i 1. – 3. klasse får innføring i ulike idrettar og aktivitetar. Hovudmålsettinga er å få borna glade i å drive med fysisk aktivitet og samtidig få stimulert grunnleggande motoriske ferdigheitar, som til dømes å springe, hoppe, balansere, kaste, gripe, sparke ball, rulle osv.

Døme på aktivitetar: sal-leikar, stafettar, sisten, turnøvingar, ballaktivitetar, styrketrening, uttøyning, formleik, hinderløypem.m. Nokre måndagar i januar har klassane vore på Kleppa og gått på ski.

Barneidretten hadde treningar med tilbod for barn frå 1.klasse-3.klasse måndagar 15-17, 17-18 og 19. Treningane var foreldrestyrt som vanleg, med fokus på trening på grunnferdigheiter som springe, hoppe, rulle, ballleik, uthaldenheit og anna leik. Nokre av treningane vart heldt på Kleppa, men dei aller fleste i hallen. Etterkvart som handballgruppa starta opp treningar for samme aldersgruppa, merka me at fleire datt av på barneidretten, og nokre av gruppene hadde særslit oppmøte (3-4), medan andre klarte å halde deltakinga meir stabil. Barneidretten såg difor grunn til å organisere seg litt annleis, og fekk frå hausten av eit samarbeid med handballgruppa om treningstidene. Handballgruppa låner barneidretten sine fastsette tider, der dei har 3 treningar i månaden, og barneidretten 1 gong i månaden. Handballgruppa tek felles kontigent for barneidretten og minihandballen, mot at dei også betalar hall-leiga.

For barneidretten, Anita Instefjord.

## Årsmelding volleyball

Volleyballgruppa har hatt to treningar i veka og oppmøte varierer mellom 6-16 personar på kvar trening. Det er ei blanding av 15-20 åringer, fleire av flyktningane og ein del eldre spelarar. Vi arrangerte juleturnering 2.juledag og hadde med 12 lag.

Tone Oppedal

leiar

# Årsmelding for 2017 frå trimgruppa

Trimtilbodet til Syril omfattar to typar klyppekort for premiering:

- Kort for dei som ynskjer å vitje alle 20 turpostane (kr 100 pr kort).
- Kort med plass til 30 klypp (Trim 30) for dei som vil eller berre kan gå på nokre av postane, fleire gonger (kr 50 pr kort).

Korta kan kombinerast. Kjøper du begge typane kort og vitjar dei 20 turpostane, treng du berre 10 ekstra klypp/turar for å få fullt Trim 30-kort. Vi har i tillegg lagt opp til eiga trekning for barn fødd i 2002 og seinare blant Trim 30-kort med minimum 20 klypp (Trim 30 - junior).

Trimgruppa i Syril har jobba med å merke stiar betre. Vi har kjøpt inn 5 ekstra klyppetenger og lagt til rette for at dei med Trim 30-kortet får fleire stadar å besøke for å fylle kortet. Variasjon er viktig. Det er kjøpt inn fleire bøker for å oppretthalde tradisjonen med bruk av bøker. Vi har kjøpt inn fleire oppbevaringsboksar då mange har sett betre dagar. Byggmeister Langeteig og Volldal AS og Sogn Røyr AS, som har støtta oss i årevis, har stilt til rådvelde midlar til utstyr.

I 2017 endra vi på turpostprogrammet. Smørkleitt og Hest erstatta Stavsete og Nyastølen i Huksdalen. Hest er ein lengre og tyngre tur. Det var venta at det ville ha innverknad på salet. Vi passerte 200 kort selde, men fordelinga vart meir jamm. Det skilde berre 13 kort mellom turpostprogrammet og Trim 30.

Alt vi tener på sal av kort går til premiar som er gåvekort på kr 1 000 for turpostprogrammet og kr 500 for Trim 30. Både Erling Røysum AS og Små Livsgleider \* var med å delsponse premiar slik at vinnarsjansane auka. Vinnarane av Syril trim 2017 vart:

## Trim 30 - junior

1. Vegard Olsmo Oen
2. Anna Felde Hasund

## Trim 30

1. Elisabeth Bernhardsen
2. Arvid Mellingen
3. Per Olav Henjum
4. Linda Føleide Skinlo
5. Johannes Hamre
6. Per Høgheim
7. Heidi Askestad
8. Torill Felde
9. Roar Vangsnes \*
10. Bente Olsmo Høgheim \*

## Alle turpostane

1. Rita Steig \*
2. Ingrid Rishovd
3. Anne Liv Røysum
4. Kjell Remø
5. Steinar Fredheim
6. Linda Grepstad Grinde
7. Lena Steig
8. Randi Fikerud Njøs
9. Hildegunn Høgheim
10. Ida Bjørk
11. Ove Andre Slind
12. Marie Bremer Remø \*
13. Per Olav Henjum

Vi gratulerer vinnarane og vonar fleire blir med neste år. Trimtilbodet stiller lite krav til utstyr. Utbytte er betre helse og kanskje ein velfortent premie etter sesongen.

Helsing

Arild Bjørk, Elianne Eggum, Grete Olin Nesvåg Engan, Thor Arne Husum og Torill Felde

## Årsmelding skigruppa 2017

Lite snø i starten av sesongen påverka aktivitetsnivået. Ved hjelp av dugnadene vert infrastrukturen halde i hevd. Som tidlegare år gjorde Bjørn Harald Røyseth, saman med andre, ein stor jobb med å halde løyper, trakkemaskin og lys i stand. Vi fekk etter søknad midlar til å skifte ut PCB armaturen i lysanlegget på Øvstestølen, eit arbeid som også vil pågå i 2018. I oktober/november vart det gjennomført to dugnader med rydding av alpinbakke og langrennsløyper, vedlikehald av skitrekk og lysanlegg og rydding i gamlegasjen på området rundt skihytta. Det var god deltaking på begge dugnadene.

### Barneskigruppa

Vi arrangerte skikarusell på Kleppa for dei minste borna opp til og med 4.klasse. Det viste seg å bli ein krevjande vinter med lite/ikkje snø nede på Kleppa første del av vinteren, og vi avlyste fleire renn. Ein laurdag arrangerte vi «alternativ» aktivitet der vi inviterte til skøyting på dammen med kiosk i skihytta. Det var bra oppmøte og ein fin dag på Kleppa. Dei som møtte var godt nøgde.

Etter kvart kom snøen og vi fekk arrangert 3 skirenn. Det eine karusellrennet inngjekk som del av det årlege Klepparennet. Vi gjekk vekk frå poengkrav om minst 4 poeng for å få premie, og det var totalt 100 born som deltok. Litt færre deltarar enn tidlegare år, men vi er godt nøgde ut frå snøtilhøva som var.

Vi var påmelde som arrangør av Telenor skikarusell og fekk tilsendt flotte huer som premiar. Vi har og ei bok på Øvstestølen der borna kan skrive seg inn. Vi organiserer kioskdrift på skihytta på Kleppa når det er karusellrenn, og det er godt besøk på kiosken desse dagane. Det er mange ivrige og flinke skiløparar i bygda. Styret i barneskigruppa har vore: Torill Felde (leiar), Halvard Gjerde , Hilde Ruud, Trond Gjerland, Jomar Leirdal og Anders Borlaug

Skigruppa hadde følgjande renn- og treningsaktivitet:

**Klepparennet** (fristil): 11. februar med 20 deltarar, arrangert saman med skikarusellen.

**Skileik:** Vi hadde tilbod til 1.-3. klassingane (+ 6 åringane) med skileik på Kleppa nokre få gangar m.a. pga. lite snø. Ansvarleg: Olav Haugen. Skileik for 4.-6. klassingane ein gong i veka når det var snø på starten av året. Grunna gode snøforhold starta skileik opp att frå midten av november og fram til jul. Ansvarleg: Kristine Linde Røyseth.

**Langrennstrening** vart arrangert tysdagar og torsdagar på Øvstestølen med 4-6 deltarar. Trenarar: Simen Bækken, Bjørn Harald Røyseth og Torunn Grut. I tillegg vart det gjennomført fellestreninger jamleg gjennom vinteren med **team Sogn** der Simen Bækken var hovudtrenar.

**Barmarkstrening** for ungdommen har pågått meir eller mindre heile sommar- og haustsesongen med både fjellturar, intervalltrening og rulleski. 4-5 deltarar, stundom saman med andre frå langrenn på Sogndal vgs. Dette har vore både eigentrening og med Simen Bækken.

15-17 åringane starta opp med barmarkstrening med intervalltrening i Henjabakkane (mandagar) etter haustferien. Her har også utøvarar frå andre greinar i Syril delteke. Trenar: Eivind Brendehaug.

Barmarkstrening for 4-6 klassingane etter haustferien på Syril stadion, trenar: Kristine Linde Røyseth.

**Sirkeltreninga** holdt på fram til påske, og starta opp att etter haustferien. Ingar Hals har vore hovudansvarleg. Treninga har hatt mindre frammøte enn tidlegare år.

**Krinslaget.** Edvard Grut Andersen, Andreas Mjelstad, Erlend Henjesand og Trygve Brendehaug har delteke på krinslaget, mens Hjalmar Michelsen har delteke på impulslaget til skikrinsen. Tilbodet har gitt treningsamlingar gjennom sommar- og haustsesongen, og har vore viktig for å gi løparane stimulans for trening og konkurranse i eit elles lite miljø.

**Nasjonale skirenn:** Sverre Linde Røyseth og Hjalmar Michelsen deltok på hovudlandsrennet.

Edvard Grut Andersen deltok i NM med god plassering på 5 mila (104 plass), Erlend Henjesand og Andreas Mjelstad deltok på fleire Norgescup (NC) renn. Erlend oppnådde imponerende 3. plass på sprint (friteknikk) på NC Voss, 7. plass på sprint (klassisk) på Nes (3. plass i prologen) og 29 plass i 15 km friteknikk NM Harstad. Andreas oppnådde 60 plass på sprint (friteknikk) på NC Voss og 64 plass på sprint (klassisk) på Nes. 19. plass



Erlend Henjesand tok 3. plass i sprint (friteknikk) på NC Voss, februar 2017.

For andre resultat sjå: <https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/langrenn/resultat/resultat-2017/>

**Birkebeinerrennet** hadde 16 deltakarar frå Syril. Plasseringar: Torunn Grut med 8. plass og Edvard Grut Andersen kom på 88 plass i sin klasse (M20). To medlem frå Syril deltok på fredagsbirken.

**Styret** i skigruppa har vore: Eivind Brendehaug (leiar), Torunn Grut (nestleiar), Ingunn Nyhammer, Torill Felde, Bjørn Harald Røyseth og Martin Michelsen (ny). Styret har hatt fem møte. I tillegg har det vert eige møte for evaluering av langrennssesongen for junior/rekrutt.

**Årsregnskap 2017  
for**

**Syril Idrettslag**

**Foretaksnr. 975700526**

## Resultatregnskap

	Note	2017	2016
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekt			
3010 Kiosksal		263 656	248 299
3013 Andre inntekter Syril		35 441	37 738
3014 Medlemskontigent		93 350	118 900
3015 Reklameinnt.sponsor		470 200	462 000
3018 Startkontigent		187 860	193 100
3020 Prosjekt-vestar kronerull.		0	1 000
<b>Sum Salgsinntekt</b>		<b>1 050 508</b>	<b>1 061 037</b>
Annen driftsinntekt			
3400 Diverse tilskot	1	(116 707)	510 686
3403 Grasrot/momskomp.andel		212 443	313 083
3600 Inntekt idrettsanlegg*		59 572	96 468
3610 Inntekt syrilbuss*		122 673	125 945
3710 Inntekt kalender m.m.		55 266	58 609
3760 Inntekt turnering + TINE		60 650	47 700
3771 Tilført fra røde kors		20 000	20 000
3780 Treningsavg.+reise,draktavg.		438 175	505 250
3782 Syrilakademiet, Krosshaug		0	(17 000)
3790 Diverse dugnad		28 500	73 500
3900 Andre driftsinntekter		13 195	7 005
<b>Sum Annen driftsinntekt</b>		<b>893 768</b>	<b>1 741 246</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 944 275</b>	<b>2 802 283</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad			
4010 Kjøp kiosk og lotteri m.m.		57 022	49 860
4013 Innkjøp diverse		17 737	18 163
4500 Innleid arbeid		83 648	86 582
<b>Sum Varekostnad</b>		<b>158 406</b>	<b>154 605</b>
Lønnskostnad			
5000 Lønninger		130 490	160 756
5310 Trekkpliktig bilgodtgjersle		2 123	1 002
5400 Arbeidsgjevaravgift		9 540	9 540
<b>Sum Lønnskostnad</b>		<b>142 153</b>	<b>171 298</b>
Avskrivning på varige driftsmidler	3		
6000 Avskrivning Kleppaanl.		26 914	16 477
6010 Avskrivning kunstgrasbane+binge		13 920	8 778
6011 Avskrivning buss		85 888	107 360
6015 Avskrivning på maskiner		4 077	5 096
<b>Sum Avskrivning på varige driftsmidler</b>		<b>130 799</b>	<b>137 711</b>
Annen driftskostnad			
6300 Leie lokale		195 140	182 213
6340 Lys, varme		65 570	66 230
6360 Renhold		0	459
6500 Div.utstyrskostn.		186 498	165 153
6540 Inventar/utstyr		6 102	0
6590 Div.kostnader drifta*		0	839
6600 Drift og vedl.h.anlegg		32 711	34 022
6601 Drift og vedl.h.ny hytte		7 934	19 084
6620 Drift,vedl.hold utstyr		56 354	65 782
6621 Drift,vedl.h.skitrekk*		9 707	15 977

## Resultatregnskap

	Note	2017	2016
6690 Utgift turneringar		107 104	101 152
6705 Regnskapshonorar		78 501	78 204
6790 Domarutgifter		114 833	51 419
6800 Kontorutgifter		9 832	7 754
6801 Rekv.kjeringa open		38 265	69 253
6860 Møte, kurs, oppdatering o l		25 685	17 940
7021 Driftsutg.syribuss		162 627	168 715
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig		12 387	16 834
7101 Bilgodtgjørelse, trekk- og AGA-		2 209	1 828
7140 Reiseutgifter		13 866	2 661
7300 Annonser		2 737	3 499
7320 Reklamekostnader		1 115	6 867
7400 Kont.avg.krins, forbund		148 070	182 910
7500 Forsikring / lisensar		86 084	71 311
7770 Bank- og kortgebyr		5 371	3 323
7790 Andre driftskostn.*		3 830	7 776
<b>Sum Annen driftskostnad</b>		<b>1 372 530</b>	<b>1 341 203</b>
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 803 888</b>	<b>1 804 818</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>140 387</b>	<b>997 465</b>

### FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

#### Finansinntekter

Annen renteinntekt

    8050 Renteinntekter

**Sum Annen renteinntekt**

**Sum finansinntekter**

#### Finanskostnader

Annen rentekostnad

    8150 Renteutgifter

    500

    0

    8151 Rentekostnad banklån-8150

    0

    125

    8155 Rentekostnad leverandørgjeld

    0

    3

**Sum Annen rentekostnad**

    500

    128

**Sum finanskostnader**

    500

    128

**NETTO FINANSPOSTER**

    2 439

    1 220

**ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD**

    142 826

    998 685

**ORDINÆRT RESULTAT**

    1,2

    142 826

    998 685

**Balanse pr. 31.12.2017**

Note	31.12.2017	31.12.2016

**EIENDELER****ANLEGGSMIDLER****Varige driftsmidler**

Tomter, bygninger og annen fast eiendom

1100 Skihytta	11 000	11 000
1101 Kiosk/lager/speakerbu	50 000	50 000
1102 Kleppa utbygging	3 356 856	294 326
1103 Tilskot garasjeanl.Kleppa 2011-	1 (533 000)	(200 000)
1104 Ballbinge 2004/ballvegg 2017	3 154 743	128 069
1105 Driftsbygg Kleppa-2010	3 289 076	301 121
1106 Kunstgrasbane 2011-2014	3 4 048 239	3 948 515
1107 Salg andelar kunstgrasbane	3 (69 000)	(69 000)
1108 Kunstgras tilskot mm.	3 (3 799 901)	(3 799 901)
<b>Sum Tomter, bygninger og annen fast eiendom</b>	<b>508 013</b>	<b>664 130</b>

Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.

1239 Ny buss 2015-KB44502 MB	3 343 552	429 440
1240 Trakkemaskin 2007	3 16 307	20 384

**Sum Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.**

<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>867 872</b>	<b>1 113 954</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>	<b>867 872</b>	<b>1 113 954</b>

**OMLØPSMIDLER****Fordringer**

Kundefordringer

1500 Kundefordringer	1 000	28 300
1510 Fordringer diverse	17 925	30 940
1530 Opptjent, ikke fakturert drifts	0	(1 760)

**Sum Kundefordringer**

<b>Sum fordringer</b>	<b>18 925</b>	<b>57 480</b>
-----------------------	---------------	---------------

Bankinnskudd, kontanter o.l.

1900 Vekslepenger-fotball	1 000	1 000
1901 Vekslepengar handball	1 500	11 500
1920 Sparebanken SF-07.31029	1 365 852	1 080 473
1921 Sparebanken SF-14.13101-fotb.	104 608	237 031
1922 Sparebanken SF-09.83197KO	144 868	107 627
1923 Sparebanken SF-10.13124-kunstgr	9	54 468
1924 Sparebanken SF-11.49972-trakkem	440 175	438 928
1925 Sparebanken SF-15.62190	293 951	180 695
1926 Sparebanken SF-13.41318-KO-påml	669 860	527 923
1927 Sparebanken SF-17.16931-SF-renn	28 089	17 776
1930 Sparebanken SF-08.85160-dugnad	189 690	189 153
1950 Sparebanken SF-07.48260 sk.trek	14 488	0

<b>Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>	<b>3 254 090</b>	<b>2 846 573</b>
---	------------------	------------------

<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>	<b>3 273 015</b>	<b>2 904 053</b>
-------------------------	------------------	------------------

<b>SUM EIENDELER</b>	<b>4 140 887</b>	<b>4 018 007</b>
----------------------	------------------	------------------

**EGENKAPITAL OG GJELD****EGENKAPITAL****Opptjent egenkapital**

Annen egenkapital

2050 Kapital	3 956 463	3 813 637
<b>Sum Annen egenkapital</b>	<b>3 956 463</b>	<b>3 813 637</b>

**Balanse pr. 31.12.2017**

	Note	31.12.2017	31.12.2016
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>3 956 463</b>	<b>3 813 637</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>3 956 463</b>	<b>3 813 637</b>
<b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld			
2400 Leverandørgjeld		167 736	203 392
<b>Sum Leverandørgjeld</b>		<b>167 736</b>	<b>203 392</b>
Skyldig offentlige avgifter			
2600 Forskuddstrekk		14 488	21 154
<b>Sum Skyldig offentlige avgifter</b>		<b>14 488</b>	<b>21 154</b>
2490 Leverandør interim		0	978
<b>Sum Kortsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>978</b>
Annen kortsiktig gjeld			
2930 Skyldig lønn		0	(21 154)
2965 Forskuddsbetalt inntekt		2 200	0
<b>Sum Annen kortsiktig gjeld</b>		<b>2 200</b>	<b>(21 154)</b>
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>184 424</b>	<b>204 370</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>184 424</b>	<b>204 370</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>4 140 887</b>	<b>4 018 007</b>

# Noter 2017

## Note 1 - Annen driftsinntekt

Konto 3400 diverse tilskot er redusert med 333.000.- som er tilbakeføring av tilskot 2016 som var inntektsført. Etter råd fra revisor og ledelsen vart det avtalt at dette tilskotet skulle tilbakeførast i 2017 og førast mot balansen slik som andre investeringstilskot. Dette fører til eit dårlegare resultat i avd 7 Styret og også samla for 2017.

## Note 2 - Resultat pr. avdeling

	<b>Fordeling av resultat pr. avdeling 2017:</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
<b>Gruppene har følgjande resultat:</b>			
Fotball	105 786,65	42 969,99	
Handball	120 530,40	27 452,59	
Ski	28 023,16	41 068,68	
Symjegruppa	9 200,00	5 420,25	
Friidrett	2 875,06	880,67	
Trim	1 188,95	953,60	
Styret	674 035,83	<b>-39 264,92</b>	
Skihytta	<b>-28 799,14</b>	<b>-10 327,10</b>	
Kjeringi	84 461,03	56 162,43	
Open			
Barnegruppa	15 074,71	3 080,00	
Vollyball	0,00	11 963,33	
Innebandy	<b>-9 245,00</b>	<b>-7 755,02</b>	
Bjørgahaug opp	<b>-936,37</b>	0,00	
Telemark	<b>-3 510,75</b>	10 221,52	
<b>Totalt</b>	<b>998 684,53</b>	<b>142 826,02</b>	

# Noter 2017

## Note 3 - Avskrivning på varige driftsmidler

<b>Gjennomført avskrivning 2017 :</b>							
		Avskrivnings-					
		<b>Grunnlag</b>	<b>beløp</b>	<b>avd</b>	<b>debet</b>	<b>kredit</b>	<b>Sluttsaldo</b>
Kleppa utbygging	4 %	371 725	14 869	7	6000	1102	356 856
Ballbinge 2004	4 %	161 191	6 448	7	6010	1104	154 743
Garasjeanlegg Kle	4 %	301 120	12 045	7	6000	1105	289 075
Kunstgrasbane	4 %	186 810	7 472	7	6010	1106	179 338
Buss	20 %	429 440	85 888	7	6011	1238	343 552
Trakkemaskin	20 %	20 384	4 077	7	6015	1240	16 307
Kano m/utstyr	20 %	0	0	7	6012	1245	0
		1 470 670	130 799				1 339 871

## **Idrettslaget Syril – revisjon av rekneskapen for 2017**

Me har revidert årsrekneskapet for Syril som viser eit overskot på kr 142 826. Årsrekneskapen består av balanse pr 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret og noteopplysingar. I samband med revisjonen har me føreteke ein gjennomgang av hovudbok med bilag pr 31.12.2017. Vår gjennomgang omfattar ikkje kontroll av alle bilag, men er avgrensa til postar og område som er viktige for å vurdere den intern kontrollen i organisasjonen. Me har og vurdert interne rutinar, avtaleverk, rekneskapsprinsipp og generell kvalitet på bilaga, samt rekneskapsføringa av dei.

### **Kommentarar rekneskap:**

Dette året er eit bilag som vart inntektsført med kr 333 000 på konto for tilskot korrigert, ført tilbake og samanstilt med tilknytt investeringeskostnad i balansen. Denne korreksjonen medfører at inntektene for 2016 vart denne summen for høg. Tilsvarande har korreksjonen medført at inntektene for 2017 er dette beløpet for lågt. Sjå og note 1 til rekneskapen. Når ein har teke høgde for dette er reell nedgang i inntektene kr 192 000 samanlikna med fjoråret. Ein ber styret vere merksam på inntektsnedgangen knytt til treningsavgifter (-13%), grasrot/momskompensasjon (-32%) og dugnad (-61%).

### **Dokumentasjon av inntekter:**

Mykje av inntektsføringa skjer på grunnlag av bankbilag utan annan dokumentasjon. Det er vanskeleg å foreta fullgod revisjon av inntektene på bakgrunn av dette. Ein har ikkje kontroll på at innsett beløp er i samsvar med faktisk sal. Ein er klar over at terskelen for dokumentering nødvendigvis er lågare i eit idrettslag enn til dømes i eit aksjeselskap, men ein burde likevel gjennom enkle metodar kunne dokumentere salet betre.

Ein ber styret vurdere rutinane for dokumentasjon av inntekter med rekneskapsførar for framtida.

### **Anna:**

Styret bør sjå på kvifor avkastninga av gjennomsnittleg inneståande bank synest å vere veldig låg. Kanskje ein kan vurdere å nytte færre bankkontoar for å evt oppnå høgare terskelrenter.

Ein har elles teke opp og fått avklart andre saker med rekneskapsførar.

### **Konklusjon:**

Me meiner at rekneskapen framstår som ryddig og i det alt vesentlege er i samsvar med rekneskapsgrunnlaget.

Leikanger 22.02.2018

  
\_\_\_\_\_  
Tony Boelaug

  
\_\_\_\_\_  
Liv Janne Steig

FRAMLEGG BUDSJETT FOR SYRIL 2018			
GRUPPE	DRIFTSINNTEKTER	DRIFTSUTGIFTER	RESULTAT
01 Fotball	565000	615 000	-50000
02 Håndball	300000	300000	0
03 Ski / kiosk hytta	75000	75000	0
04 Symjegruppa/kajakk	5000	5000	0
05 Friidrett	12000	12000	0
06 Trim	15000	14000	1000
07 Styret	550000	500000	50000
08 Skihytta	30000	50000	-20000
09 Kjeringi open	450000	400000	50000
10 Barnegruppa	20000	10000	10000
11 Klatregruppa	5000	5000	0
12 Volleyball	10000	10000	0
13 Innebandy	10000	10000	0
Oppdatering/anlegg-utstyr	600000	1000000	-400000
TOTALT SYRIL	2647000	3006000	-359000